

SULDAL KONTROLLUTVAL**INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

Dato: torsdag 10. november 2022
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rysteg AS er invitert i sak 22

Kommunedirektøren er invitert i sak 23

SAKLISTE:

21/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 15.09.22

22/22 Rysteg AS - orientering om selskapet

23/22 2. gongs oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Psykisk helsehjelp»

24/22 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Styring og kontroll med investeringsprosjekt»

25/22 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

26/22 Framlegg til møteplan for 2023

27/22 Referat- og orienteringssaker 10.11.22

Ymse

Aksdal, 03.11.22

Tormod Skeie (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.22	21/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 15.09.22

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 15.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.09.22

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 15.09.22 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 03.11.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Torsdag 15. september 2022 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Tormod Skeie.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 12.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Tormod Skeie (SV), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Henrik Halsne (Ap) og Ragnhild Sukka (V)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Dag Fisketjøn (V)
FORFALL:	Per Gudmund Øxtra (Sp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Statsaut. revisor Tore Kristensen
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	HR leiar Tordis Kristin Tobiassen i sak 15 Kommunekasserar Arnfinn Gundersen i sak 16
ANDRE SOM MØTTE:	Styreleiar Torkel Myklebust og dagleg leiar Kjetil Brekke frå Rygjatun Eigedom AS i sak 14
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sak 14 blei handsama før sak 13

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 12/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 28.04.22****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.04.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.22:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.22:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.04.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 13/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.09.22

- 26. Statusoversyn pr. september 2022
- 27. Rogaland Revisjon - perioderapportering pr. 31.07.22
- 28. Tilsynsrapport frå statsforvaltaren om FNT skulemiljø og internkontroll
- 29. FKT – årsmøte 2022 - protokoll 08.06.22
- 30. FKT – «Veileder – Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» - juni 2022
- 31. Kommunaldept. – høringsbrev og -notat – endringar i kommunelova – frist 14.10.22
- 32. Kommunaldept. – høringsnotat – endringar i IKS-lova – frist 23.09.22
- 33. NKRF - om kommuneøkonomien 2021

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.22:

Leiar gjorde kort greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.22:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 26 – 33 til orientering.

SAK 14/22 RYGJATUN EIGEDOM AS - ORIENTERING OM SELSKAPET**Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval tek styreleiar Torkel Myklebust og dagleg leiar Kjetil Brekke sin gjennomgangen om Rygjatun Eigedom AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.22:

Styreleiar Torkel Myklebust og dagleg leiar Kjetil Brekke viste ein presentasjon og orienterte om selskapet. Dei gjorde greie for dagens drift med hovudvekt på internatdrift og om framtidsplanar. Kommunen vil gå meir aktivt inn på eigarsida etter kommunestyrevedtak i mai 2022. Selskapet har planar om å bygge eit nybygg, som vil gje auka aktivitet.

Leiar takka for ei interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.22:

Suldal kontrollutval tek styreleiar Torkel Myklebust og dagleg leiar Kjetil Brekke sin gjennomgangen om Rygjatun Eigedom AS til orientering.

SAK 15/22 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «KRITISK KOMPETANSE»**Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Kritisk kompetanse» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.22:

Leiar innleia. HR leiar Tordis Kristin Tobiassen kommenterte tilbakemeldinga og svara på spørsmål. Utvalet diskuterte punkt 3 i tilbakemeldinga frå kommunedirektøren. Utvalet meinte det var viktig at den tilsette fekk velja om sluttsamtale skulle vera med stab eller næraste overordna i line. HR leiar Tobiassen var samd og merka seg synspunktet frå utvalet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.22 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Kritisk kompetanse» til orientering.

SAK 16/22 OPPFØLGING AV FORENKLA ETTERLEVINGS-KONTROLL AV ØKONOMIFORVALTNINGA FOR 2021**Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval tar kommunedirektøren si tilbakemelding dagsett 07.09.22 til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2021 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.22:

Kommunekasserar Arnfinn Gundersen gjorde greie for den skriftlege tilbakemeldinga og svara på spørsmål.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga og hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.22:

Suldal kontrollutval tar kommunedirektøren si tilbakemelding dagsett 07.09.22 til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2021 til orientering.

SAK 17/22 SULDAL KOMMUNALE NÆRINGSFOND RSK-FONDET – TILBAKEMELDING FRÅ REVISOR**Sekretariatet si innstilling:**

1. Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i tilbakemeldinga frå Rogaland Revisjon IKS om Suldal kommunale næringsfond RSK-fondet og tek den til orientering.
2. Tilbakemeldinga vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av revisor sine tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av tilrådingane innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.22:

Leiar innleia om saka. Revisor Tore Kristensen gjorde greie for revisjonen si tilbakemelding og svara på spørsmål.

Utvalet var nøgd med revisor si undersøking. Leiar opplyste at tipsar vil få tilsendt kopi av saksframlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.22 og innstilling til kommunestyret:

1. *Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i tilbakemeldinga frå Rogaland Revisjon IKS om Suldal kommunale næringsfond RSK-fondet og tek den til orientering.*
2. *Tilbakemeldinga vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av revisor sine tilrådingar.*
3. *Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av tilrådingane innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 18/22 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2022

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar dei framlagde eigenerklæringane dagsett 29.06.22 og 09.08.22 frå oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.22:

Revisor viste til underskreven erklæring. Medlemmene hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.22:

Suldal kontrollutval tar dei framlagde eigenerklæringane dagsett 29.06.22 og 09.08.22 frå oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

SAK 19/22 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI OG FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR REVISJONSÅRET 2022

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og risiko- og vesentlegheitsvurderingar som grunnlag for den forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2022 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.22:

Revisor gjekk gjennom regelverk, om kva som låg innafor planlegging av revisjonsstrategi, om vesentlegheitsgrenser, risikovurderingar og planlagt angrepsvinklar. Han viste en del nøkkeltal for Suldal kommune og kva tema dei ville ha fokus på i rekneskapen for 2022. For etterlevingskontrollen var det aktuelt å sjå nærare på offentlege anskaffingar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.22:

Suldal kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og risiko- og vesentlegheitsvurderingar som grunnlag for den forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2022 til orientering.

SAK 20/22 BUDSJETTFRAMLEGG 2023 - KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Suldal kommune for budsjettåret 2023 med ei totalramme på **kr 1 410 000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	219 300
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	202 800
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	987 900

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.22:

Leiar innleia og gjorde følgjande framlegg:

«I pakt med tilråding frå FKT sin nye rettleiar (anbefaling 7) vert det lagt til det FKT kallar «Uforutsette kontrollhandlingar» med 50 timar. Med timeprisen i 2023 vert det eit tillegg på kr. 55 000. Kjøp av tenester frå Rogaland Revisjon vert då kr 1 043 400 og total budsjetttramme kr 1 465 500».

Utvalet drøfta framlegget. Henrik Halsne meiner det kunne bli lite med 50 timar dersom utvalet måtte undersøkje ei større sak. Han meiner timetalet burde aukast med 100 timar. Medlemmene drøfta begge framlegga og blei samde om å stetta Halsne sitt framlegg om å auka budsjettet til revisor med 100 timar. Total budsjetttramme blir då kr 1 521 000.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.22 og innstilling:

*Suldal kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Suldal kommune for budsjettåret 2023 med ei totalramme på **kr 1 521 000,- eks mva** fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>219 300</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>202 800</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>1 098 900</i>

YMSE

Barnevernsak

Leiar opplyste om at han hadde fått tilsendt eit skriv om ei barnevernsak. Utvalet har også tidlegare fått skriv og informasjon om same sak. Leiar delte ut ein sladda versjon av dei tilsendte skriva til medlemmene. Utvalet tok informasjonen til vitande.

Neste møte: torsdag 10.11.22, kl. 10.00.

Saker: orientering om Rysteg AS, forvaltningsrevisjonsrapport om «Styring og kontroll med investeringsprosjekt» og møteplan for 2023.

Sand/Aksdal, 15.09.22

Tormod Skeie
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	10.11.22	22/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	217	

RYSTEG AS - ORIENTERING OM SELSKAPET

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tek dagleg leiar Håvard Rosnes sin gjennomgangen om Rysteg AS til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 24.02.22, sak 03/22 følgjande:

Suldal kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå kommunale selskap:

28.04.22	Rygjatun Eigedom AS
15.09.22	Suldal Bad Publikum AS
10.11.22	Rysteg AS
1. møte 23	Gullingen Utviklingsselskap AS
2. møte 23	Suldal Vekst AS
3. møte 23	Reisemål Ryfylke AS

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Dagleg leiar Håvard Rosnes i Rysteg AS har bekrefta at han eller nokon andre frå selskapet vil delta i møtet 10.11.22 for å orientera om selskapet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med føremålet til selskapet, status for drifta, økonomiske forhold og dei utfordringane selskapet har.

På www.purehelp.no ligg det føre mellom anna følgjande opplysningar om selskapet:

Formål: Produksjon og salg av varer og tjenester. I tillegg skal Rysteg AS bistå offentlige og private bedrifter med et opplegg for yrkesrettet attføring i samarbeid med arbeidskontorene. Rysteg AS skal søke å tilrettelegge for arbeidstrening og andre arbeidskvalifiserende tiltak. Attføringsvirksomheten er selskapets primære virksomhet.

Adm. direktør Håvard Rosnes

Styrets leder Leif Inge Løland

Nestleder Torbjørn Guggedal

Styremedlem Brynjar Saua

Styremedlem Hanne Matre

Styremedlem Helene Fjellheim Midthun

Styremedlem Helle Lønseth

Styremedlem Nils Bjarne Vold

Styremedlem Sverre Gjuvsland

Tidsrama er sett til 30-40 minutt inkludert spørsmål. Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 03.11.22

Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.22	23/22
Kommunestyret	14.12.21	113/21
Kontrollutvalet	04.11.21	22/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

2. GONGS OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «PSYKISK HELSEHJELP»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar kommunedirektøren si orientering om oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» til orientering.

Bakgrunn

Suldal kommunestyret vedtok i møtet 23.03.21, sak 21/21 følgende:

1. *Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Psykisk helsehjelp» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine sju tilrådingar.*
3. *Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Kontrollutvalet handsama oppfølging av rapporten i møtet 04.11.21, sak 22/21 og gjorde følgende vedtak:

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» til orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21:

Suldal kontrollutval ber kommunedirektøren om ei munnleg orientering om vidare oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» om 12 månader.

Innstillinga frå kontrollutvalget blei samrøystes vedtatt av kommunestyret i møtet 14.12.21, sak 113/21.

Revisjonen hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar i rapporten:

1. *styrke den psykiske helsetenesta retta mot barn og unge og styrke arbeidet med tidleg innsats*
 - *Kommunen bør vurdere å involvere yngre brukarar/brukarrepresentantar i dette arbeidet*
2. *sikre eit betre og meir systematisk samarbeid mellom relevante aktørar innan psykisk helse og rus*
3. *vurdere organiseringa av psykiske helsetenester og rusverntenester*
4. *sikra ein struktur og ei styring som gir eit felles grunnlag for heilskapleg tenking rundt psykisk helsearbeid og rus.*
 - *Her bør ein ta utgangspunkt i eksisterande utfordringar i kommunen og gi føringar for kva område eller tiltak som skal utviklast vidare. Dette kan gjerast i form av ein plan eller eit anna styringsdokument.*
5. *sikre at samtaletilbodet innan Psykisk helse er endringsretta og tidsavgrensa, i retning av auka livskvalitet eller bedra psykisk helse, for å sikre ein betre ressursutnytting*
6. *etablere faste samarbeidsmøte med Mental helse Suldal*
7. *vurdere gruppetilboda på Loftet i tråd med tilbakemeldingar frå brukarane, herunder:*
 - *sjå nærare på kva ein kan gjera for å skape eit tilbod som også inkluderer jenter i ungdomsgruppa på Loftet*
 - *moglegheita for å reetablere eit lågterskel tilbod for rusmisbrukarar*

Oppfølging/tilbakemelding

Kommunedirektøren skreiv følgjande i den fyrste tilbakemeldinga som var dagsett 07.10.21:

Denne saka vert sendt til politisk handsaming som del av oppfølginga av revisjonsrapporten Rogaland Revisjon laga om psykiske helsetenester i Suldal kommune. Saka tek føre seg dei ulike momenta i revisjonsrapporten og det blir skildra både fordeler og ulemper med ulik organisering av det framtidige tenestetilbodet. Felles for dei ulike alternativa, er målet om å lage gode tenester for både barn og vaksne.

Kommunedirektøren har sikra brei involvering i arbeidet med å følgje opp forvaltningsrapporten. God kvalitet og heilskap i tenestene til brukarane har vore rettesnor i arbeidet.

Det er mykje som fungerer bra og kommunedirektøren har vore i tvil om endringane som blir tilrådde er rett for organisasjonen, samstundes ser kommunedirektøren at

tenesta kan bli betre og at brukarane vil kunne oppleve tenestene meir opne og tilgjengelege.

Det skal vera låg terskel for å søke hjelp hjå psykisk helse. Opplevinga for mange er truleg at det er lettare å ta kontakt på helsestasjon kontra psykisk helse. Dette kan ha noko med namnet «psykisk helse» å gjera.

Kommunedirektøren skreiv vidare at det er punkt 1. – 4. som blir belyst i tilbakemeldinga. Arbeidet med punkt 5. – 7. er allereie starta opp.

1. Styrka den psykiske helsetenesta retta mot born og unge

Forvaltningsrapporten viser til at tenestene vaksne innbyggjarar er gode, men at kommunen nyttar for lite ressursar til barn og unge. Kommunedirektøren har i oppfølginga av dette punktet sett på moglegheitene for å styrka tilbodet til barn og unge ved å søkja om midlar til LOS-funksjon. Dette er ei stilling finansiert av Bufdir og oppdraget i stillinga er å følgja opp barn og unge som har utfordringar med å kome på skulen. LOS-funksjonen skal mellom anna gi tett oppfølging i heimen.

Kommunedirektøren ser føre seg at barne- og familieteamet i første omgang vil bli styrka gjennom flytting av stillingsressursar internt i organisasjonen. Dette arbeidet har ein starta på. Når det gjeld kommunepsykologstillinga er det funne interne midlar for å auka stillinga til 100%. Stillinga er per no vakant og vil bli lyst ut i løpet av september. Arbeidsgruppa har ikkje hatt dette punktet i sitt mandat.

Når det gjeld involvering av yngre brukarar er det viktig å nå dei unge på deira arena, til dømes informasjon og plakatar på skular og i sosiale media etc. Brukarrepresentantane viser til at dei ikkje vil vera noko «alibi» eller vera til «pynt», dei ønskjer å bli nytta. Ein må høyra på kva erfaringar dei har og deira viktige innspel. Kommunedirektøren ønskjer å følgja opp dette og sikra at ein finn ein yngre brukarrepresentant ein har faste møter med, gjerne i lag med ungdomsrådet.

Konklusjon: *Kommunedirektøren tilrår at barne- og familieteamet blir styrka både ved tilførsel av eksisterande stillingsressursar - som blir flytta over til teamet, og/eller gjennom friske midlar som ein vil koma tilbake til i budsjettprosessen.*

2. Organisering

I dette punktet blir både tilråding nr. 2, 3, 4 omtalt.

Forvaltningsrevisjonsrapporten tilrår at det blir ei samlokalisering for alt arbeid innan psykisk helse og rus. Suldal kommune har i fleire år vald å legga psykisk helsetilbod til barn og unge ved helsestasjonen. Bakgrunnen for dette har vore at det kan opplevast lettare å ta kontakt med helsestasjonen enn psykisk helse.

Suldal kommune har sett behovet for eit barne- og familieteam som kan jobba tett på både skule/barnehage og heim. Kommunedirektøren har av ulike grunnar hatt utfordringar med å få teamet operativt. Ei av årsakene er at det har mangla faglege rettleiingsressursar ved helsestasjon grunna vakant stilling som leiande helsesjukepleiar. Det er fatta politisk vedtak på at teamet skal vera oppe å gå innan 2.kvartal 2021 og kommunedirektøren er no i slutfasen av arbeidet. Kommunepsykolog

skal vera ein del av teamet og teamet har til nå vore planlagt som ein del av helsestasjonen.

Arbeidsgruppa har skissert ei mogleg løysing ved at ein framleis har teamet organisert ved helsestasjonen. I det oppsettet skal det vera fagleiing frå psykisk helse der også psykologen skal vera tilsett. Dersom barne- og familieteam skal vera samansett av tilsette frå ulike einingar vil spørsmål om teieplikt og samtykke koma opp som ei utfordring, grunna ulikt lovverk og ulike organisering. Tverrfaglege team på tvers av ulike einingar er ikkje ei juridiske eining med egne reglar. Dersom ein skal dela opplysningar i eit slik team må samtykke frå brukarane liggja til grunn for å kunna oppheva teieplikta.

Suldal kommune har hatt rus-konsulent tilsett ved Nav Suldal over mange år. Brukarundersøkingar har over tid vist til gode resultat og nøgde brukarar. Samstundes ser kommunedirektøren at det kan bli for lite fokus på barn og unge i familiar med rusproblematikk. Dette er også noko som er nemnt frå barnevernstenesta.

Konklusjon: *Kommunedirektøren tilrår at psykisk helse, kommunepsykolog, barne- og familieteamet og ruskonsulenten blir organisert under same eining – i tråd med tilrådingane frå Rogaland Revisjon. Denne måten vil gi ei meir heilskapleg teneste, og med ei dør inn.*

3. Vegen vidare; Saman om «laget rundt barnet»

Både helse og oppvekst jobbar tett med og kring barn og unge. Kommunedirektøren ser likevel at det er eit forbetringspotensialet når det gjeld tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorane. Suldal kommune er ein BTI (betre tverrfagleg innsats) - kommune og BTI er ein arbeidsform og eit verktøy som legg til rette for felles forståing og samarbeid på tvers av einingane. BTI-arbeidet er ein del av den ordinære drifta og kommunedirektøren legg stor vekt på at BTI arbeidet skal halda fram med stort fokus.

Konklusjon: *Kommunedirektøren tilrår at BTI også i åra som kjem skal vera den arbeidsmetodikken som blir nytta av tilsette når dei er uroa for eit barn, unge og gravide. Det står att noko på å implementera BTI som metodikk på dei ulike einingane i kommunen. Kommunedirektøren vil følgja opp at dette er eit implementerings arbeid som blir prioritert.*

Økonomiske konsekvensar

Dei tiltaka som gjeld omorganisering og interne flyttingar vil ikkje få økonomiske konsekvensar. Eventuell tilføring av friske midlar til barne- og familieteamet vil bli lagt fram i budsjettarbeidet og rullert i samband med økonomiplanen.

Folkehelse

Gode oppvekstvilkår for alle barn og unge samt gode oppfølgingsløp for barn og unge som har utfordringar er svært viktig. Kjem ein tidleg på banen og får gitt tidleg og tverrfagleg innsats, er det større føresetnader for god folkehelse også i vaksen alder.

Sekretariatet sine kommentarar:

I følgje kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunedirektøren følgjer opp rapportar. Dette skal sikre at kontroll og tilsyn får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal gje rapport til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er kommunedirektøren sitt ansvar. Kontrollutvalet kan og rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Kommunedirektøren viste i fyrste oppfølging at tilrådingane frå reviosr var blitt følgt opp, forbetringstiltak var sett i verk og det var laga planar for vidare oppfølging.

Utvalet må vurdere om dei er nøgd med den vidare oppfølging etter kommunedirektøren si orientering i møtet.

Aksdal, 03.11.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.22	24/22
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «STYRING OG KONTROLL MED INVESTERINGSPROSJEKT»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

1. Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Styring og kontroll med investeringsprosjekt» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine to tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Vedlegg: «Styring og kontroll med investeringsprosjekt» - rapport frå Rogaland Revisjon IKS

Bakgrunn

I plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024, som blei vedteken av kommunestyret i september 2020, er Kritisk kompetanse prioritert på andreplass. Kontrollutvalet starta våren 2022 prosessen med å gjennomføre ein slik forvaltningsrevisjon. Rogaland Revisjon IKS utarbeidde ein prosjektplan etter utvalet sitt ønskje.

Kontrollutvalet vedtok i møtet 24.02.22, i sak 4/22 følgjande:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Styring og kontroll med investeringsprosjekt» i samsvar vedlagte prosjektmandat. Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 200 timar.

Føremål og problemstillingar

Formålet med prosjektet er å undersøke om Suldal kommune har eit tilfredsstillande system for styring av investeringsprosjekt, og å bidra med læring for framtidige prosjekt.

Problemstillingar:

- *I kva grad har kommunen system, kapasitet og kompetanse til å gjera nødvendige analysar i tidlegfasen/planleggingsfasen?*
- *Har kommunen tilfredsstillande rutinar for å sikre styring med investeringar?*
- *Er investeringsprosjektet planlagt, styrt og gjennomført på ein tilfredsstillande måte?*

Med dette som utgangspunkt har Rogaland Revisjon IKS gjennomført prosjektet. Rapporten er verifisert og kommunedirektøren si tilbakemelding er innarbeida i rapporten. Rapporten blei mottatt av sekretariatet 26.10.22, og følgjer som vedlegg til saka.

Rapporten

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen i revisor sine funn, inkludert revisor sine tilrådingar. Kommunedirektøren sin uttale finn ein på side 5. Føremål og problemstillingar vert presentert på side 3, revisjonskriterier og metode i kapittel 1.3 – 1.4. Hovuddelen av rapporten finn ein i kapittel 2 og 3. Vedlegget inneheld utfyllgjande dokumentasjon.

Revisor skriva at deira hovudinstrykk er at:

- *Kommunen har tilfredsstillande rutinar, som sikrar god kontroll på økonomi og framdrift i investeringsprosjekt, men manglar rutinar for vurdering av behov og ulike alternativ for investeringar*
- *Høgt investeringsvolum har ført til etterslep på fleire prosjekt.*
- *Bygging av Suldal Bad ga stor kostnadsauke og forseinkingar. Kommunen bør lære av prosjektet, for å unngå at slikt skjer igjen.*

Revisjonen har følgjande tilrådingar:

1. *Lage rutinar for å sikre gjennomføring av behovsanalyse og vurdering alternativ. I vurdering av alternativ bør ein ha ulike konsept, og eit av alternativa bør vere å ikkje gjennomføre investeringa (nullalternativ).*
2. *Sikre at læringspunktar frå investeringsprosjektet Suldal Bad, blir nytta i framtidige prosjekt.*

Kommunedirektøren sine kommentarar

Kommunedirektøren har gitt eit utfylljande høyringssvar, sjå side 5 i rapporten. Kommunedirektøren skriv mellom anna at:

Kommunedirektøren meiner at rapporten som ligg føre svarar godt på oppdraget. Rogaland Revisjon peikar på styrkar og utfordringar i arbeidet vårt med investeringsprosjekt. Me vil gå inn i rapporten og bruke den aktivt i forbetningsarbeidet.

Suldal kommune får gjennom rapporten tilbakemelding på at me samla sett har god kvalitet og rutinar for å sikre styring og kontroll av investeringsprosjekt. Mellom anna blir det peika på at me har gode rutinar på statusrapportering til politisk nivå gjennom året.

Kommunedirektøren har kommentert tilrådingane frå revisor. Ho avsluttar uttalen med følgjande:

Tenestene i Suldal kommune skal pregast av heilskap og samanheng på tvers av sektorane. Dette gjeld også investeringsprosjekta. I dette arbeidet vil råd som kjem fram av rapporten om styring og kontroll i investeringsprosjekt vere svært nyttig.

Konklusjon:

Sekretariatet har gjort ei vurdering av at rapporten er av god kvalitet i henhold til standardkrava til forvaltningsrevisjonsrapporter (RSK001), og at den er i samsvar med kontrollutvalet si tinging og vedtatt prosjektplan. Val av revisjonskriterier er relevante sett opp mot problemstillingane. Revisor si vurderingar og tilrådingar er vidare basert på innsamla materiale, revisjonskriteriene og dei metodiske avgrensingane.

Resultatet etter forvaltningsrevisjonen viser at kommunen har forbettringspotensiale i og med at undersøkinga avdekkar nokre forbettringsområde. Sekretariatet vil på den bakgrunn tilrå at kontrollutvalet ber kommunestyret vedta at revisjonen sine tilrådingar blir fylgt opp.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport skal systematisk bli fylgt opp for å sikre at forvaltninga set i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/manglar og kontrollutvalet må sørgje for at kommunestyret sine vedtekne merknader til rapporten vert fylgt. Det vert tilrådd at slik oppfølging skjer frå 6 til 12 månader etter at rapporten er vedteken av kommunestyret.

Sekretariatet vil tilrå at det blir sett ein frist på ni månader for kommunedirektøren til når kommunestyret via kontrollutvalet får tilbakemelding om status for tilrådingane.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka. Forskrift om kontrollutval og revisjon slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angåande forvaltningsrevisjon.

Aksdal, 03.11.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Forvaltningsrevisjon

Styring og kontroll med investeringsprosjekt

Suldal kommune, 2022



INNHALD

Oppdraget	3
Samandrag	4
Kommunedirektøren sin kommentar	5
1 Innleiing	6
1.1 Bakgrunn	6
1.2 Definisjonar og begrepsbruk	7
1.3 Revisjonskriterier	8
1.4 Metode	11
1.5 Organisering	11
2 Rutinar og kompetanse	12
2.1 Retningslinje for investeringsbudsjett	12
2.2 Andre rutinar	13
2.3 Møtepunkt	14
2.4 Innhald i statusrapport	15
2.5 Kompetanse og rutinar for tidlegfasen	15
2.6 Vurdering	16
2.7 Anbefaling	17
3 Styring og kontroll	18
3.1 Planleggingsfasen	18
3.1.1 Behovsanalyse og alternative løysningar	18
3.1.2 Prosjektering og kostnadsestimering	19
3.2 Prosjektoppfølgning	20
3.3 Evaluering	20
3.4 Rapportering og dialog med folkevalde	20
3.5 Status i større investeringsprosjekt	21
3.6 Suldal Bad	27
3.6.1 Planlegging	29
3.6.2 Gjennomføring	30
3.6.3 Læringspunktar	32
3.7 Vurdering	32
3.8 Anbefaling	33
Konklusjon og anbefalingar	34
Vedlegg	35

OPPDRAGET

<u>Bestilling:</u> Kontrollutvalet i Suldal kommune vedtok den 04.11.2021 å bestilla ein forvaltningsrevisjon om Styring og kontroll med investeringsprosjekt.	<u>Problemstillingar:</u> • I kva grad har kommunen system, kapasitet og kompetanse til å gjera nødvendige analysar i tidlegfasen/planleggingsfasen? • Har kommunen tilfredsstillande rutinar for å sikre styring med investeringar? • Er investeringsprosjektet planlagt, styrt og gjennomført på ein tilfredsstillande måte?
<u>Formål:</u> Formålet med prosjektet er å undersøke om Suldal kommune har eit tilfredsstillande system for styring av investeringsprosjekt, og å bidra med læring for framtidige prosjekt.	

Prosjektleder for dette prosjektet har vore forvaltningsrevisor Inger Bjørge Hustvedt. Senior forvaltningsrevisor Ståle Opedal har vore kvalitetssikrar for prosjektet fram til august 2022. Senior forvaltningsrevisor Linn Christin Rustøen overtok som kvalitetssikrar september 2022. Rapporten er gjennomgått av leder for forvaltningsrevisjon Silje Nygård.

SAMANDRAG

Hovudinntrykk

- Kommunen har tilfredsstillande rutinar, som sikrar god kontroll på økonomi og framdrift i investeringsprosjekt, men manglar rutinar for vurdering av behov og ulike alternativ for investeringar
- Høgt investeringsvolum har ført til etterslep på fleire prosjekt.
- Bygging av Suldal Bad ga stor kostnadsauke og forseinkingar. Kommunen bør lære av prosjektet, for å unngå at slikt skjer igjen.

Har kommunen tilfredsstillande rutinar for å sikre styring med investeringar?

Me vurderer at kommunen har tilfredsstillande rutinar for styring og kontroll av økonomi og framdrift. Dei har mellom anna rutinar som sikrar at politiske vedtak på investeringar inneheld kostnader, og faste rapporteringar til dei folkevalde.

I kva grad har kommunen system, kapasitet og kompetanse til å gjera nødvendige analysar i tidlegfasen/planleggingsfasen?

Kommunen har ikkje eigne rutinar for korleis analyser i tidlegfasen skal gjerast, noko dei bør ha for å sikra rammar for utgreiing av behov og alternativ. Alternativsvurdering kan handle om ulike konsept, utforming, og bør også inkludere det å ikkje gjennomføre investeringa (nullalternativ). Kommunen har ein praksis med å vurdere behov ved å nytte intern fagleg kompetanse, og å nytte ekstern bistand i kostnadsberekning i større prosjekt.

Er investeringsprosjektet planlagt, styrt og gjennomført på ein tilfredsstillande måte?

Kommunen har fleire tiltak som sikrar god styring av investeringsprosjekt, som til dømes bruk av kostnadskalkylar, usikkerheits avsetjing og at saksutgreiing av større prosjekt har behovsanalyse og vurdering av ulike alternativ. Gjennom fast rapportering og informasjon til folkevalde har dei god innsyn i gjennomføringa av investeringsprosjekt.

Til tross for grundig saksutgreiing og bruk av ekstern bistand var det mykje som gjekk galt under bygging av Suldal Bad. Me opplever at kommunen har god innsikt i kva som blei gjort feil i prosjektet, og at dei ønsker å forebygge at slikt skjer igjen. Høgare krav til kompetanse i anbuds konkurranse, kontroll av prosjekteringsgrunnlag og å unngå kompliserande entreprisformar, er nokon av læringspunkta. Kommunen har ikkje hatt rutine for evaluering av investeringsprosjekt, men planlegg å gjere det med Suldal Bad og andre større prosjekt. Me vurderer at det vil vere til nytte å gjennomføre slike evalueringar, og nytte læringspunkt i framtidige prosjekt.

Revisjonen anbefaler kommunen å:

- Lage rutinar for å sikre gjennomføring av behovsanalyse og vurdering alternativ. I vurdering av alternativ bør ein ha ulike konsept, og eit av alternativa bør vere å ikkje gjennomføre investeringa (nullalternativ).
- Sikre at læringspunktar frå investeringsprosjektet Suldal Bad, blir nytta i framtidige prosjekt.

KOMMUNEDIREKTØREN SIN KOMMENTAR

Kommunedirektørens kommentar motteke den 25.10.2022:

Kontrollutvalet i Suldal kommune tinga den 24.02.22 eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med tittel: «*Styring og kontroll med investeringsprosjekt*». Føremålet med prosjektet er å undersøke om Suldal kommune har eit tilfredsstillande system for styring av investeringsprosjekt, samt å bidra med læring for framtidige prosjekt.

Kommunedirektøren er glad for at fokus på *styring og kontroll med investeringsprosjekt* blir løfta fram som forbetningsområde. Suldal kommune har ein stor portefølje av investeringsprosjekt, og det er viktig at gjennomføringsprosessen frå politisk vedtak til ferdigstilt prosjekt er effektiv og har høg kvalitet.

Kommunedirektøren meiner at rapporten som ligg føre svarar godt på oppdraget. Rogaland Revisjon peikar på styrkar og utfordringar i arbeidet vårt med investeringsprosjekt. Me vil gå inn i rapporten og bruke den aktivt i forbetningsarbeidet.

Suldal kommune får gjennom rapporten tilbakemelding på at me samla sett har god kvalitet og rutinar for å sikre styring og kontroll av investeringsprosjekt. Mellom anna blir det peika på at me har gode rutinar på statusrapportering til politisk nivå gjennom året.

Rogaland Revisjon gir råd for kva kommunedirektøren bør arbeida vidare med for å auka kvaliteten på området styring og kontroll med investeringsprosjekt. Ei tilråding er å forbetra analysearbeidet og vurderinga i tidlegfasen av eit investeringsprosjekt. Ein tilrår å gjera dette gjennom ei alternativsvurdering. Eit slikt arbeid er nyleg starta opp i samband med kvalitet på utarbeiding av politiske saker generelt. Suldal kommune vil utarbeide praksis for at saker til politisk handsaming skal ha fleire alternativ til vurdering med tilhøyrande analyse av konsekvensar. Ei første samling med rådgivarar og sakshandsamarar på alle tenestekområde er gjennom ført og kommunedirektøren vil følgja opp arbeidet også for investeringsprosjekt.

Vidare vil kommunedirektøren etter råd som kjem fram i rapporten utarbeida ein rutine for evaluering av investeringsprosjekt. Dette vil gi kontinuerleg læring om kva som fungerte bra og mindre bra i investeringsprosjekt. Læringspunkt bør innarbeidast i rutinen slik at ein har dei med seg i nye prosjekt. Kommunedirektøren vil trekkja fram Suldal bad og byggeprosessen der som eit eksempel på viktigheita av ei slik evaluering. I nemnde eksempel blei det utarbeida eit læringsnotat. Notatet blei også lagt fram som melding til formannskapet.

Tenestene i Suldal kommune skal pregast av heilskap og samanheng på tvers av sektorane. Dette gjeld også investeringsprosjekta. I dette arbeidet vil råd som kjem fram av rapporten om styring og kontroll i investeringsprosjekt vere svært nyttig.


Suldal 25.oktober 2022
Karin Dokken Austvik
kommunedirektør

1 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN

Investeringsprosjekt blir gjerne inndelt i ein tidlegfase (behovsvurdering og planlegging) og ein gjennomføringsfase (detaljplanlegging, utbygging og overlevering). Etter overlevering er prosjektet over i ein driftsfase. I tidlegfasen blir premissane lagde for prosjektet, og det er i denne fasen dei folkevalde gjer vedtak om finansiering og gjennomføring av prosjektet. Tradisjonelt har det vore mest fokus på gjennomføringsfasen, men grunnlaget for eit vellykka prosjekt blir ofte lagt i prosjektets tidlegfase. Ein generell prosjektmodell kan illustrerast slik:

Figur 1. Generell prosjektmodell



Styring siktar til den finansierande parten, ofte omtalt som prosjekteigar, som sikrar at dei rette prosjekta blir valde. Styringa inneber også å sette rammene for det som skal gjerast, og sikre at gjennomførande part har nødvendig kompetanse, kapasitet og fleksibilitet. Det betyr å unngå kostnadsoverskridingar, forseinkingar, ansvarsfråskrivning og skjulte dagsordenar, og manglande kontraktsoppfølging og kvalitetssikring i planlegging og gjennomføring.

Rogaland Revisjon gjennomførte i 2013 forvaltningsrevisjonen av styring av byggeprosjekt i Suldal kommune.¹ I denne blei det gjort følgjande tilrådingar til kommunen:

- Kommunen bør dokumentere vurdering og val av entreprisform.
- Kommunen bør setje klarare reglar for når ein budsjettoverskriding skal rapporterast straks og til kven.
- Kommunen bør redusere etterslepet på sluttregneskapar
- Kommunen bør utarbeide ein eigen sluttrapport når det har vore vesentlege budsjettoverskridingar eller andre vesentlege avvik i eit byggeprosjekt.

¹ [Rapport-Styring-av-byggeprosjekt1.pdf \(kontrollutvalgene.no\)](#)

1.2 DEFINISJONAR OG BEGREPSBRUK

Følgande forklaringar er henta frå rettleiaren «*Flinke folk på riktig plass til rett tid*» som Bygg 21 har utarbeida på vegne av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2019, og faglege sider for prosjektleiing.²

Prosjekteigar (byggherre) (PE)

Prosjekteigar er representanten til linjeleiinga i prosjektet og skal ha eit overordna og strategisk perspektiv. Større prosjekt har ofte eigne styringsgrupper. Prosjekteigar har særleg ansvar for:

- **Effektmålet** – Dei langsiktige effektane eller gevinstar som verksemda søkjer å oppnå ved å nyttiggjera seg av resultatet frå prosjektet.
- **Finansiering**
- **Involvering av leiinga** – Vere bindeledd mellom verksemda og prosjektleiinga.

Prosjektleiari (PL)

Prosjektleiaren er prosjekteigarens (byggherrens) representant i eit byggeprosjekt. med ansvar for den operative delen av prosjektet:

- **Resultatmål** – At prosjekt blir gjennomført innan ramma (mandat) knytt til tid, kvalitet og kostnad.
- **Rapportering til prosjekteigar** – Ansvar for å følgje opp prosjekteigars/styringsgruppas avgjersler

Byggeleiari (BL)

Byggeleiaren er byggherren sin representant på byggeplassen. I tillegg til kvalitetskontroll og framdriftskontroll er den viktigaste oppgåva til byggeleiaren å sørgja for at samspelet mellom dei ulike aktørane i byggeprosjektet fungerer. Omfanget av oppdraget vil vere avhengig av gjennomføringsmodellar. I delte entreprisar vil ein byggeleiari ha omfattande oppgåver med koordinering av framdrift.

² [Prosjektbloggen - Metier OEC | Metier OEC](#)

1.3 REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventingar, og vil brukast til å vurdere funna i dei undersøkingane som vert gjennomført. Kriteria skal grunnjevast i, eller utleiast av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området.

Eit prosjekt blir ofte delt inn i ulike fasar, og det finst ulike prosjektmodellar som kan nyttast. Uavhengig av kva prosjektmodell ein organisasjon nyttar vil eit prosjekt vanlegvis ha ein planleggingsfase/planleggingsprosess. Digitaliseringsdirektoratet har utarbeidd ein prosjektvegvisar, og i vegvisaren står det at formålet med planleggingsfasen er å sikra at verksemda har ei god forståing for arbeidet som trengst for å gjennomføra prosjektet, før ein forpliktar seg til ei betydeleg investering.³ Det er kommunestyret i Suldal kommune som skal vedta investeringsprosjekt. I kommunelova § 13-1 står det:

«Kommunedirektøren skal påse at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet. Utredningen skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak.

Kommunedirektøren skal påse at vedtak som treffes av folkevalgte organer, blir iverksatt uten ugrunnet opphold. Hvis kommunedirektøren blir oppmerksom på faktiske eller rettslige forhold som har sentral betydning for iverksettingen av vedtaket, skal han eller hun gjøre det folkevalgte organet oppmerksom på dette på en egnet måte.»

Tidlegfasen

I investeringsprosjekt skjer detaljprosjektering vanlegvis før bygginga startar. Ifølgje Concept rapport nr. 45 er dei tidlege fasane i eit prosjekt viktig då prosjekteringsfasen i stor grad avgjer moglegheitene for ein vellykka gjennomføringsfase.⁴ I Concept-rapporten studerte ein blant anna fem kommunale investeringsprosjekt, og i fire av prosjekta var det store utfordringar knytt til forseinkingar, kostnadsoverskriddingar og negativ mediemerksemd. Felles for desse prosjekta var at avgjerdsgrunnlaget ikkje var godt nok, og det var vedteke å gjennomføra prosjekta utan at verken behov eller alternative løysingar var greidde ut.

Som eit minimum blir det tilrådd i Concept-rapporten at det i alle prosjekt bør gjennomførast ein behovsanalyse, ein analyse av alternative løysingar og at endeleg investeringsavgjerd bør vere basert på eit budsjett der uvisse er synleggjort. I behovsanalysen skal ein vurdere om det er behov for prosjektet. I dette ligg det også vurdering av ulike alternativ, som er konseptuelt annleis, altså ikkje berre ulike tomteval for same konsept. I ein slik vurdering skal også nullalternativet, det å ikkje gjennomføre prosjektet, vere eit reelt alternativ. Før ein vedtar investeringsprosjekt, må ein estimere kor mye prosjektet vil koste. For å unngå at kostnadsestimatet er prega av overoptimisme, taktiske berekningar eller andre faktorar som kan gje feil estimat, er det viktig

³ [Digitaliseringsdirektoratet | \(prosjektveiviseren.no\)](https://digitaliseringsdirektoratet.no/prosjektveiviseren.no)

⁴ [Concept_45_web_no.pdf \(ntnu.no\)](https://concept.ntnu.no/web_no.pdf)

med kvalitetssikring. I følge Concept-rapporten er minstekrav for reell kvalitetssikring, at planar og forutsetningar blir gjennomgått av ein part utan eige budsjettansvar for det aktuelle prosjektet

Gjennomføring

Utviklinga av eit prosjekt bør ha klare fasar som avklarar framdrift og ansvar, og dei folkevalde bør vere klar over kva fase prosjektet er i. Kommunen sin internkontroll skal sikre oversikt og kontroll over investeringsprosjekt. I KS sin rettleiar, vil internkontroll i investeringsprosjekt innebere:⁵

- Tydeleg organisering, med avklarte roller og delegering
- Gode rutinar og kontroll knytt til økonomioppfølging undervegs.
- Avvik og uventa hendingar blir handtert i tråd med avklarte prosedyrar og avtaleoppfølging med leverandør
- Faste punkt for rapportering og analyse av framdrift, kvalitet og økonomi

Kompetanse

Rettleiaren «*Flink folk på riktig plass til rett tid*» er skreve på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og er retta mot private og offentlege aktørar som jobbar med bygge- og eigendomsprosjekt.⁶ Rettleiaren beskriv fire former for kompetanse som er viktige for planlegging og gjennomføring:

- **«Fagkompetanse:** *Kunnskap, ferdigheter, erfaring og evne til å utføre oppgaver innen bestemte fag eller emneområder. Eksempelvis rørlegger, tømrer og arkitekt.*
- **Prosesskompetanse:** *Kunnskap, erfaring, ferdigheter og evne til å gjennomføre prosjekter og prosesser som involverer flere fagområder, og som går over lang tid. Eksempelvis prosjektstyring, planlegging og kostnadsestimering.*
- **Relasjonskompetanse:** *Kunnskap, ferdigheter, evner og holdninger som bidrar til god samhandling. Eksempelvis kommunikasjon, ledelse og konfliktløsning.*
- **Innovasjonskompetanse:** *Kunnskap, evne og vilje til å tenke nytt, og å ta i bruk nye løsninger og metoder»*

Kompetansen er vidare knytt til ulike fasar og rollar (Figur 2). Behovet for fag- og prosesskompetanse varierer gjennom prosjektet, mens god samhandlingsevne er nødvendig gjennom heile perioden. Grunnlaget for suksess blir danna i dei første fasane, som til dømes inneber identifisering av risiko, kostnadsestimering og behovsvurdering. Viss ikkje kompetansen finnes i verksemda, kan ein måtte få ekstern bistand. Ifølge finansdepartementet sin rettleier for kostnadsestimering, skal estimeringsansvarleg i det minste ha kunnskap og erfaring i bruk av estimeringsteknikkar.⁷

⁵ [Kommunedirektorens-internkontroll-veileder-08092020.pdf \(ks.no\)](#)

⁶ [kompetanse--flinke-folk-pa-riktig-plass-til-rett-tid.pdf \(dibk.no\)](#)

⁷ [Veileder nr 6 Kostnadsestimering 11_3_2008 \(ntnu.no\)](#)

Figur 2. Kompetansemodellen knytte mot fasenorma



Kjelde: [Bygg21](#)

Av byggeprosjekt synes badeanlegg å vere ekstra krevjande, da dette er komplekse, spesialiserte bygg.⁸ Dårlig prosjektstyring, val av prosjektleiing og entreprenørar med manglande kompetanse er faktorar som kan føre til forseinkingar, dårleg kvalitet og kostnadssprekk. Frå andre kommunar manglar det ikkje døme på badeanlegg som blir dyrare eller forseink; Tromsøbadet blei dobbelt så dyrt⁹ og i Oslo har prisen på nytt Manglerud bad og aktivitetshus blitt meir enn femdobla frå 2015 til 2022.¹⁰

På bakgrunn av gjennomgangen over er følgende revisjonskriterier utleia:

- Kommunen bør ha rutinar som sikrar tilfredsstillande gjennomføring av investeringsprosjekt
- Saker som blir lagde fram for folkevalde organ skal vere forsvarleg greidd ut:
 - Det er gjennomført ein behovsanalyse for prosjektet.
 - Saksframlegget skal gi grunnlag for å vurdere ulike alternativ.
 - Det skal vere framlagt eit budsjett der uvisse er synleggjort
- Kommunen bør sørge for å identifisere og skaffe riktig kompetanse for nødvendige analyser i tidlegfasen
- Kommunen skal ha tiltak for å følgje opp at arbeidet skjer i samsvar med avtalt kvalitet og pris.
- Kommunen skal ha tiltak for å sikre informasjonsflyt og rapportering frå administrasjonen til politisk nivå.
- Kommunen bør evaluere prosjekt for å sikre kontinuerleg forbetring av prosjektstyring.

⁸ [Bygging av svømmehaller krever tett oppfølging - Multiconsult](#)

⁹ [Bygde badeland til 1 milliard kroner – nå lekker det – NRK Troms og Finnmark](#)

¹⁰ [Ny sprekk for Manglerud bad – NRK Oslo og Viken – Lokale nyheter, TV og radio](#)

1.4 METODE

Me har svart på problemstillingane ved bruk av følgjande metodar:

- Dokumentanalyse av kommunale planer, rutinar og regelverk
- Intervju med leiarar og tilsette i administrasjon, og folkevalde
- Case-gjennomgang av Suldal Bad.

1.5 ORGANISERING

Ifølge årsmelding 2021 har kommunen vore gjennom ein organisasjonsendring for å styrke det strategiske arbeidet. Det er blant anna oppretta to nye einingar under kommunalsjef Økonomi og organisasjon. Administrasjonen er delt inn i fire tenesteområde:

1. Økonomi og organisasjon
2. Oppvekst
3. Helse og Velferd
4. Kultur- og samfunnsutvikling

2 RUTINAR OG KOMPETANSE

Problemstilling:

- Har kommunen tilfredsstillande rutinar for å sikre styring med investeringar?
- I kva grad har kommunen system, kapasitet og kompetanse til å gjera nødvendige analysar i tidlegfasen/planleggingsfasen?

Revisjonskriterier:

- Kommunen bør ha rutinar som sikrar tilfredsstillande gjennomføring av investeringsprosjekt
- Kommunen bør sørge for å identifisere og skaffe riktig kompetanse for nødvendige analyser i tidlegfasen

2.1 RETNINGSLINJE FOR INVESTERINGSBUDSJETT

For gjennomføring av investeringsprosjekt har kommunen ein overordna «*Retningslinje for budsjett, rekneskap, rapportering og sakshandsaming av investeringsprosjekt*», som beskriver følgjande rollar og aktivitetar:

Ansvar:

- **Kommunedirektør** har ansvar for prosjektoversyn som utarbeidast i samband med ordiner budsjettprosess.
- **Utbyggingssjef** er ansvarleg for utarbeiding av detaljert prosjektbudsjett.
- **Rekneskapsansvarleg** er fagleg ansvarleg for prosjektrekneskapen.
- **Fakturakontroll:** Prosjektansvarleg (prosjektleder) skal attestere alle kostnader, medan kommunedirektør, eller andre med delegert mynde, er ansvarleg for at utgifter vert korrekt tilvist.

Prosjektbudsjett:

Det må vera eit politisk vedtak om investering før eit prosjekt kan bli satt i gang. Eit prosjekt skal innehalda alle utgifter, både for planlegging og gjennomføring, og skal ha eget prosjektnummer og kontostreng.

Kostnadsramme blir satt opp når kalkyle/anbod er klart, eller før prosjektutgifter kjem til. Viss kalkyle/anbod er høgare enn vedtatt budsjett, skal reduksjon av omfanget vurderast. Dersom reduksjon ikkje er mogleg, må prosjektet opp til ny politisk handsaming med argumentasjon for auking av ramme.

Prosjektoversyn med budsjett blir lagt inn i økonomiplan for perioden. Investeringsbudsjettet er eittårig, og prosjekt som går over fleire år, må leggst inn med forventa utgifter for kvart år. Ajourhald av kostnadsramme skjer løpande. Ifølge dei intervjuar blir mindre avvik på budsjett

rapportert på gjennom tertialrapport (1. mai og 1. september) og årsmelding, men viss avviket går utanfor vedtatt ramme, blir det ny politisk behandling av saken. Tidlegare hadde kommunen eigne sluttrekneskap for avslutta prosjekt, men dette er no tatt inn i årsmeldinga.

Retningslinja forklarar aktivitetar for overføring mellom drifts- og investeringsprosjekt.

Rapportering:

Rapportering blir gjort som del av tertial- og årsrapportering etter eit eige skjema.

Investeringsprosjekt skal ifølge retningslinja ha følgande saksbehandling:

- **Rebudsjetteringssak:** Eigen sak i budsjettmøte i formannskapet i november og kommunestyret i desember. Saka anslår kva midlar som vil vere att på aktive prosjekt ved årsslutt og som derfor krev rebudsjettering av investeringsbudsjett. Rebudsjetteringssak blir innarbeida i budsjettarbeid på slutten av året.
- **Rest budsjetteringssak:** Sak etter rekneskapsavslutning som «fangar opp» mindre- eller meirforbruk av midlar i aktive prosjekt. Midlar att gir auka ramme i året etter, mens ramma reduserast når ein har brukt meir.

Risikofaktorar:

Retningslinja beskriv forskjellige risikofaktorar:

- Feil bruk av prosjektnummer, konto, teneste og ansvar, eller manglande splitting av faktura.
- Prosjektet går over fleire år, medan budsjettløyving til prosjektet berre er for eit år om gongen. For å unngå å nytte meir midlar til prosjektet enn budsjettet, trenger ein gode årsuavhengige oversikter med samla budsjett og rekneskap.
- For mange prosjekt i forhold til kapasiteten i organisasjonen.
- Feil føring av utgifter på prosjekt gir feil aktivering i balansen, feilføring av avskrivningar og feil rapportering i KOSTRA.

2.2 ANDRE RUTINAR

Kommunen har fleire andre rutinar som beskriv arbeidet med investeringsprosjekt:

- **Rutine for budsjettprosessen:** Rutinen beskriv organisering og framdrift for arbeidet med økonomiplan. Rutinen viser til nemnde retningslinje og rutine for å lage prosjektoversyn pr. prosjekt i økonomiplanperioden. Ifølge rutinen har staben ansvar for å legge inn nye/endingar/tiltak i investeringar. Forslag til nye investeringar skal bli sendt til kommunedirektør v/staben.
- **Rutine for tertialrapportering:** Rutinen viser til retningslinja og krav til å rapportere på investeringar i tertialrapport.
- **Rutine for årsmelding:** Rutinen viser til retningslinja og krav til å rapportere på investeringar i årsmelding.

Ifølge dei som er intervjuet er rutinar og retningslinjer lagra i kvalitets- og avvikssystemet Compilo, som kommunen nyleg har tatt i bruk. Kommunen har ikkje ein overordna prosjektmodell som generelt beskriv rollar og oppgåver delt inn i dei ulike prosjektfasane (konsept, planlegge, gjennomføre, avslutte og realisere). Ein av dei intervjuet fortel om kvifor det er behov for nye rutinar, og kva som bør vera formålet med dei:

- **Rebudsjetteringsrutine:** Bakgrunnen for behov er opplevd etterslep på prosjekter.
- **Overføring mellom drift og investeringsbudsjett:** Rutinen vil beskrive framgangsmåte for overføring av prosjekt frå drift til investering og motsett. Dette skjer til dømes i prosjekt på driftsbudsjett som blir dyrare og som derfor må overførast til investeringsbudsjett.

2.3 MØTEPUNKT

Kommunen har fleire faste møtepunkt, både internt i administrasjonen og med folkevalde. Ifølge dei intervjuet, bidrar møta til kontroll av prosjekt ved at toppleinga i kommunen er kjent med prosjekta ned på eit relativt detaljnivå, og at ein derfor kan fanga opp prosjekt som ikkje har full kontroll på.

I samband med prosjektrapportering i tertial- og årsrapportering, er det møte med kommunalsjef økonomi og organisasjon, utbyggingssjef, byggeleiar og økonomirådgjevar. Formålet her er å kvalitetssikre statusrapportar for investeringsprosjekt, som blir lagd fram politisk.

Kvar sjette veke er det to større gjennomgangar av investeringsprosjekt, fordelt på to møter: Først møtast kommunalsjef økonomi og organisasjon, utbyggingssjef, byggeleiar/prosjektleiar, økonomirådgiar og einingsleiar teknisk drift for gjennomgang og avklaringar for dei mindre investeringsprosjekta. Mindre prosjekt er til dømes nye uteområde i barnehage, dagsturhytte, gangveggar, og mindre næringsområde. Før møtet lagar utbyggingssjef prosjektoversyn, som ein går gjennom i møtet. Ifølge dei intervjuet tar ein opp økonomikontroll og framdrift. Teknisk drift deltar ettersom dei har driftsansvar når prosjekta er ferdige. Det andre møtet er eit informasjonsmøte med gjennomgang av prosjektoversyn for større prosjekter, som utbyggingssjef lagar i forkant. Med på møtet er kommunedirektør og andre i administrasjonen med roller innan investeringsprosjekta, og ordførar.

Ifølge dei intervjuet har kommunen praksis for faste møtepunkt, både internt i administrasjon og for folkevalde. Internt i kommune er det jamlege møte med representantar frå teknisk drift, kultur og samfunnsutvikling, økonomi og kommunedirektør. I møtet går ein gjennom eigen liste over investeringar og informerer om status.

Ein av dei intervjuet fortel at kommunen frå 2023 skal innføre eit nytt felles møte med økonomi og organisasjon og teknisk drift. Formålet med møtet er å få ei felles forståing av kva som ligg i driftsbudsjett, og kva som er investeringar. Til dømes kan det vere uklart om prosjekt på til dømes vedlikehald ligg under drift eller investering.

2.4 INNHOLD I STATUSRAPPORT

Ifølge ein av de intervju i økonomiavdelinga inneheld prosjektrapportering blant anna status for prosjekt, estimert pengebruk ut året, ramme og kommentar på status (Tabell 1). I same intervju blir det opplyst om utviding av statusrapporten for byggeprosjekt. Her skal ekstrakostnader rapporterast for seg sjølve, og ikkje som del av ordinær bevilling. Til samanlikning frå andre kommunar (Tabell 2), inneheld ikkje Suldal si statusrapport informasjon om kva fase prosjektet er i. I dømme frå Strand kommune, er status inndelt i «pågåande», «under utførsle», «ferdig» og «stopp grunna Korona», med eigne fargekoder.

Tabell 1. Utdrag frå statusrapport investeringar 1. tertial 2022

Statusrapport investeringar 2022. Rapport pr. 30.04.22								
Prosjekt-nr.	Prosjekt-namn	Regulert budsjett 2022	Rekneskap Pr. 30.04.22	Avvik +	Avvik -	Løyving/rekneskap t.o.m. 2021	Samla løyving t.o.m. 2022	Kommentarar
1.001.05	Utsifting PC administrasjonen	1.419.647,00	0,00	1.419.647,00		3.135.353,00	4.555.000,00	Prosjektet er under gjennomføring. Estimert ut året: kr. 1.400.000,-
1.001.06	Utsifting PC/løp skulane	800.000,00	0,00	800.000,00		0,00	800.000,00	Prosjektet vil bli gjennomført i løpet av året. Estimert ut året: kr. 800.000,-
1.001.09	Flexisystem, fræversrapportering	160.000,00	0,00	160.000,00		0,00	160.000,00	Gjennomføring av prosjektet et utsett frå 2021 til 2022. Prosjektet vil truleg heller ikkje bli gjennomført i år.
1.002.05	IT-samarbeid i Ryfylke	6.028.974,46	428.198,12	5.600.776,34		2.916.348,02	8.945.322,48	Grunna forseinkingar i leveransar av datautstyr, ligg gjennomføringa av ulike planlagte oppgåver etter tidsmessig. Estimert ut året: kr. 4.500.000,-

Kjelde: Suldal kommune

Tabell 2. Eksempel på rapportering investeringsprosjekt

Fargekoder i fremdriftsplanen:

Stopp på grunn av Korona

Prosjektering pågår

Prosjektet er under utførelse

Prosjektet er ferdig

Tertialrapport 1 - 2021 - Investeringer

Tertialrapport 21- 2021 - Investeringer Sentralt

Prosjekt	Budsjett	Regnskap	Restbeløp	1. Tertial			2. Tertial			3. Tertial			Kommentar
110201	Teknisk utstyr virksomheter	1 395 300	259 562	1 135 739								Budsjett justeres, innkjøp biler og UTV	
110801	Ladestasjon EL-bil	103 600	-	103 600									
120301	Bilpool	350 700	1 730 456	1 379 756									Budsjett justeres, innkjøp biler og UTV
120309	Finansiering Bilpool	-	711 010	711 010									
140001	Innskudd KLP	2 500 000	-	2 500 000									
Sum investeringer sentralt		4 349 600	1 279 008	3 070 593									

Kjelde: Strand kommune

2.5 KOMPETANSE OG RUTINAR FOR TIDLEGFASEN

I intervju fortel tilsette og leiarar at dei i planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt nyttar den interne kompetansen, men at dei og får ekstern bistand ved behov. Kommunen har ikkje eigne rutinar/system for behov- og alternativanalysar, men dei intervju fortel om vanleg praksis:

I kvart prosjekt som blir føreslått, lagar utbyggingssjef ein utgreiing av behov. Utgreiinga gjerast som regel internt, ved å nytte nasjonale grunnlagstal for teoretisk utrekning av til dømes elevgrunnlag eller tal på eldre med behov for sjukeheims plass i framtida. I større prosjekt lagar kommunen eigne faggrupper/brukargrupper som og bidrar i behovsvurdering. I planlegging av ny sjukeheim har eigen faggruppe frå tenesteområde helse og velferd, bidratt med faglege vurderingar for kva funksjonar og innhald prosjektet bør ha.

Prosjektering og berekning av kostnader blir, ifølge dei intervju, hovudsakeleg gjort av eksterne, og viser til kommunal rammeavtale med rådgivingselskapet Omega Areal, som tilbyr ingenior-

og arkitekttenester. Omega Areal kalkulerer kostnader basert på lokal kunnskap og prisbøker, og har ifølge dei intervjuar egne rutinar for kvalitetskontroll med sidemann og tredjepartskontroll. Dei blir nytta i ulike investeringsprosjekt frå bygg, utvikling av næringsområde, vann og avløp, til bustadfelt. I planleggingsfasen er det jamleg møter mellom Omega Areal, utbyggingssjef, byggeleiar og eventuelt interne faggrupper, for å avklare innhald i prosjektet og endringar. Omega Areal gjer også risikovurderingar, som med nysjueheim, som innebar grunnundersøking av byggegrunn for å redusere risiko i utbyggingssfasen.

Inntrykket frå intervju med dei administrativt tilsette, er at det blir satt av tid og ressursar til planleggings-, og prosjekteringsfasen. Ein av dei intervjuar fortel:

«For ei tid tilbake var det lite samsvar mellom ønske og budsjett i kommunen. Derfor er vi opptatt av vite hva prosjekter vil koste før den går i gang med å bygge.»

Dei intervjuar fortel at kalkyle for kva eit prosjekt vil koste ofte er styrt av egne føringar, som kva brannstasjon eller sjukeheim skal innehalde. Norsk Prisbok blir nytta for å kalkulera kostnader i tillegg til egne prognosar og faglege innspel. I tillegg til byggekostnader, består investeringsprosjekt av planleggingskostnad og det blir satt av 15 prosent til usikkerheit/ikkje-forutsette ting.

Nokon av dei intervjuar fortel at kommunen tidlegare gav felles løyve til prosjektering og gjennomføring, men at desse no er delt opp. Eigen prosjektkostnad blir satt av først, kor ein utarbeider kalkyle. Løyve for gjennomføring blir behandla på bakgrunn av prosjektkalkyla.

Kommunen har sidan 2020 hatt eigen stilling som byggeleiar/prosjektleiar. Den nye stillinga erstattar mellom anna tidlegare innleigd ekstern prosjektleiing. Ifølge dei intervjuar, kom stillinga etter aukiing i kommunale investeringar og utbyggingar og ny stilling fører til auka kompetanse, på prosjektleiing og prising. Stillinga gir også meir direkte kontroll, ved at prosjektleiar er tett på bygginga, og bidrar i kvalitetssikring av kostnader. Ein av dei intervjuar fortel:

«Det at vi nå har egen prosjekt/byggeleder gjør at vi har mer kontroll på kostnader. Tidligere måtte vi stole på at ekstern prosjektledelse kontrollerte, men nå har vi direkte kontroll selv, noe som er bra.»

2.6 VURDERING

Kommunen har i stor grad tilfredsstillande rutinar for økonomioppfølging i investeringsprosjekt, med overordna retningslinje som viser til fleire rutinar: Det må ligge politisk vedtak om investering før prosjektet startar og det skal føreligge ein kostnadsramme som inneheld alle utgifter. Gjennom tertial og årsrapportering, har kommunen faste rapporteringar for alle investeringsprosjekt, med informasjon om kostnader og framdrift. Større avvik på kostnader krev ny politisk behandling.

Kommunen nyttar eigen mal for statusrapport på investering, som inneheld mellom anna budsjett, rekneskap og kommentar. Malen skal bli utvida med eigen rapportering på ekstrakostnader, noko som me vurderer vil vere nyttig for å halde styring på konstadane. Det generelle inntrykket frå intervjuar er at dei tilsette opplever gjeldande rutinar som dekkande, men at det er nokon nye rutinar som skal kome, som gjeld rebudsjettering og overføring av prosjekt mellom drift og investering.

Kommunen har ikkje eigne rutinar for korleis analyser og vurdering av alternativ skal gjerast i tidlegfasen. Med slike rutinar kan ein sette rammer for kva som ligg i tidlegfasen; behov bør konkretiserast og kartleggast og mål for investeringa bør definerast. Rutinane bør og sikre vurdering av ulike alternativ, kor eit alternativ er å ikkje gjere investeringa (null-alternativ). Alternativanalysar kan sikre at grunnlaget for vedtak ikkje er einsidig, men er basert på ein heilskapleg vurdering.

Sjølv om kommunen ikkje har eigne rutinar for behovsvurdering, oppfattar me at dei, særleg i større prosjekt, gjer behovsanalysar. I arbeidet med ny sjukeheim er det oppretta eigne interne faggrupper for behovsvurderingar, og det er og nytta ekstern bistand for analysar av ulike alternativ. Her vil kommunen få erfaringar med korleis intern kompetanse kan nyttast på ein god måte, noko dei med fordel kan dra nytte av i framtidige prosjekt.

Bruk av rammeavtale på prosjektering sikrar at kommunen nyttar profesjonelle fagfolk i kostnadsberekningar.

2.7 ANBEFALING

Revisjonen anbefaler kommunen å:

- Lage rutinar for å sikre gjennomføring av behovsanalyse og vurdering alternativ. I vurdering av alternativ bør ein ha ulike konsept, og eit av alternativa bør vere å ikkje gjennomføre investeringa (nullalternativ).

3 STYRING OG KONTROLL

Problemstilling:

- Er investeringsprosjektet planlagt, styrt og gjennomført på ein tilfredsstillande måte?

Revisjonskriterier:

- Saker som blir lagde fram for folkevalde organ skal vere forsvarleg greidd ut:
 - o Det er gjennomført ein behovsanalyse for prosjektet.
 - o Saksframlegget skal gi grunnlag for å vurdera ulike alternativ.
 - o Det skal vere framlagt eit budsjett der uvisse er synleggjort.
- Kommunen skal ha tiltak for å følgje opp at arbeidet skjer i samsvar med avtalt kvalitet og pris.
- Kommunen skal ha tiltak for å sikre informasjonsflyt og rapportering frå administrasjonen til politisk nivå.
- Kommunen bør evaluere prosjekt for å sikre kontinuerleg forbetring av prosjektstyring.

3.1 PLANLEGGINGSFASEN

Inntrykket frå intervju, både i administrasjon og blant folkevalde, er at planleggingsfasen er viktig for god styring av kontroll. Her skal behov vurderast, innhald avgjerast og kostnader estimerast. I den politiske handsaminga skal investeringsprosjekt behandlast i Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet), så til formannskapet og til slutt kommunestyret. LMT-utvalet vurderer mellom anna om krav til plan og bygningslov blir heldt. Saka blir også behandla i andre utval, der det er naturleg, som levekårsutvalet, eldrerådet og liknande.

Planleggingsfasen er kostnadsmessig skilt frå hovudbevillinga, det blir først satt av midlar til prosjektering kor ein lagar konstadskalkyle. Det er utifrå kalkylen at hovudbevillinga blir satt, og prosjekt får ein kostnadsramme.

3.1.1 BEHOVSANALYSE OG ALTERNATIVE LØYSNINGAR

Kommunen har ikkje eigne rutinar for når det skal gjerast ein behovsanalyse, og kva den skal innehalde. Dei intervjuar fortel at omfanget av behovsvurderinga varierer etter prosjektstørrelse. Mindre prosjekt kjem som forslag inn i økonomiplanen med prosjektnummer og forslag til budsjett, men utan skriftleggjering av behov.

Store prosjekt blir behandla separat, som Suldal Bad og Framtidas omsorg. Sistnemnte gjeld endring av helsetenester og inneber mellom anna bygging av ny sjukeheim. Som del av behovsvurderinga er det nytta prognosar og tilsette har gjennom ulike brukarutval kome med faglege innspel, som ekstern arkitekt har nytta i teikningane. Ifølgje dei intervjuar har slike brukarutval vore nyttige, for å sikre at faglege innspel kjem tidleg i prosessen, og ikkje som

innspel etter ferdig prosjektering. Ein av dei intervjuar fortel at dei ønsker å lage eigen rutine for involvering i planleggingsfasen.

Kommunen har ikkje egne rutinar for når og korleis vurdering av alternativ skal bli gjort. Dei intervjuar fortel at det i større prosjekt, med eigen saksbehandling, blir vurdert ulike alternativ. Fleire viser til Framtidas omsorg, kor ulike alternativ for innhald, plassering av sjukeheim, og kostnader, har vore diskutert i kommunestyret og andre utval over fleire år. Dokumentasjon på dette finn me til dømes i kommunestyresak 052/17. Saka inneheld behovsanalyse av framtidig omsorgsteneste i kommunen, laga av eksternt firma. Her blir ulike alternativ vurdert opp mot einannan. Saka inneheld også grove kostnadsoverslag til ulike alternativ.

Eit av alternativa som blei vurdert i planlegginga av ny sjukeheim, var forslag frå folkevalde om å bygge sjukeheimen ein etasje høgare. I denne saka laga Omega Areal, som stod for prosjekteringa, eit eige kostnadsestimat for kor mykje ekstra dette ville koste. Saman med administrasjonen si behovsanalyse, som tilsa at ekstra etasje ikkje var nødvendig, var forslaget i ettertid trekt tilbake.

3.1.2 PROSJEKTERING OG KOSTNADSESTIMERING

Kommunen nyttar i stor grad Omega Areal for prosjektering og kostnadsestimering. Utbyggingssjef, byggeleiar og andre frå administrasjon, har i denne fasen jamlege prosjektmøter med firmaet. Dei intervjuar fortel at tett oppfølging er nødvendig for å sikre at prosjektet blir teikna etter planar og vedtak, og at framdrifta blir heldt. I slike møter er det til dømes oppdaga at det blei teikna inn feil fasade på sjukeheimen. Ifølge dei intervjuar kjem forseinkingar ofte når ein ventar på svar på byggeløyver osv, frå andre instansar. Dei intervjuar fortel at dei gjerne må «pushe på», for å sikre at slike planprosessar ikkje dreg for langt ut i tid.

Når eit prosjekt er ferdig prosjektert og kostnadskalkyle laga, startar anbodsprosessen. Type anbod, vurderast etter størrelse og kompleksitet på prosjektet, etter fagleg vurdering i administrasjonen. Dei intervjuar viser til at ein i større prosjekt går for totalentreprise, og viser til at ein då betaler seg vekk frå risikoen det er med å samkøyre mange småentreprisar. Kor detaljert anboda er, er og ein avveging i kvart prosjekt. Anbodat for ny sjukeheim er, ifølge dei intervjuar, detaljert, ved mellom anna å beskriv kva type dusj ein skal ha. Dei intervjuar fortel at høgt detaljnivå gjer meir kontroll på kva som blir bygga, og at det blir mindre behov for endringar undervegs. I same anbod er det også stilt krav til at arkitekten som teikna sjukeheimen, og har ei rolle i utbyggingsfasen.

Det intervjuar fortel at det kan vere forskjell mellom tilbod frå anbodsprosessen og opphavelag konstanskalkyle. Viss tilbod er høgare enn kalkyle, blir prosjektet stansa, løyvinga auka, eller prosjektet redusert. I endeleg kostnadsramme er det, ifølge dei intervjuar, alltid satt av ein pott til usikkerheit, som regel 15 prosent. Usikkerheita blir nytta ved ikkje forutsette hendingar, som til dømes auka byggekostnader.

3.2 PROSJEKTOPPFØLGING

I kommunen er byggherreansvaret delegert til utbyggingssjef. Kommunen har rammeavtale på byggeleiing frå Norconsult, men har sidan 2020 hatt eigen byggeleiar. Ifølge dei intervjuar er det utbyggingssjef og intern byggeleiar/prosjektleiar, som følger opp prosjekt, eventuelt med byggeleiingsbistand frå Norconsult.

Ifølge dei intervjuar har utbyggingssjef og byggeleiar ikkje egne rolleskildringar, men at det er ein klar oppgåvefordeling i praksis: Utbyggingssjef følger opp prosjektkonstander, budsjetter og rapportering, mens byggeleiar følger opp entreprenørar, ved å vere til stades på byggeplass og delta på byggemøter. All dokumentasjon på prosjekta, inkludert byggereferat, lagrast i felles arkivsystem.

Kontroll av fakturaer blir kontrollert i tre ledd, i følge dei intervjuar. Først sjekkar byggeleiar timer og konstadar opp mot kontrakt og endringsmeldingar, deretter attesterar utbyggingssjef, før den sendast til kommunalsjef som betalar ut.

Fleire at dei intervjuar trekker fram at tilsetting av intern byggeleiar har styrka styring og kontroll med prosjektoppfølginga, ved å vere tett på, og handtere oppståtte problem tidleg. Kommunen nyttar og gjerne dei same lokale entreprenørar, som ifølge dei intervjuar, gjer det enkelt å halde god kontroll og dialog ettersom dei allereie er godt kjente.

Dei intervjuar fortel at bruk av framdriftsplan er vanleg, særleg i større prosjekt. For utbygging av ny sjukeheim skal til dømes entreprenør legge fram eigen framdriftsplan.

3.3 EVALUERING

Ifølge dei intervjuar har det ikkje vore rutinar for å evaluere investeringsprosjekt. Men i løpet av hausten 2022 skal det leggst fram ein eigen evalueringsrapport for bygging av Suldal Bad, som melding til folkevalde. Det er også planar om å innføre fast evaluering for slike større prosjekt ifølge fleire av dei intervjuar, noko som dei seier vil bidra til læring.

3.4 RAPPORTERING OG DIALOG MED FOLKEVALDE

Administrasjonen har fleire faste møtepunkt med dei folkevalde, som dei i intervju ramsar opp:

- Kvar veke har kommunedirektør møte med ordførar og varaordførar, for å ta opp aktuelle saker, som status på investeringsprosjekt
- Kvar sjette uke har administrasjon eit informasjonsmøte med ordførar med status for dei større investeringsprosjekta. Her ser ein på framdrift, om det er nokon avvik osv.
- Utbyggingssjef har årlege gjennomgangar av investeringar i LMT-utvalet.

Dei folkevalde blir informert gjennom tertialrapportering og årsrapport. Her nyttas det eigen oversikt med budsjett, rekneskap, status for dei enkelte prosjekta og sluttrapport for avslutta prosjekt.

Val av entrepriseform for sjukeheim nemnes og som ein eigen informasjonssak, då det er stort politisk engasjement rundt dette. I intervju nemnes det og at folkevalde, gjennom dei politiske utvala, kan be administrasjonen svara på ting dei lurar på.

Inntrykket frå dei folkevalde me snakka med, er at informasjonsflyten med administrasjonen fungerer bra. Ein visar til konklusjonen frå førre forvaltningsrevisjon frå 2013, der eit at funna var mangelfull tilbakemelding til dei folkevalde på mellom anna budsjettoverskridingar. Slik er det ikkje lenger no, ifølge dei intervju, og viser til den fast tertial og årsrapportering.

Ved økonomisk avvik skal saka tas opp i formannskap og kommunestyret. Her vurderer ein om ramma aukast, eller om noko kan kuttast. Ein av dei folkevalde fortel:

«Har utbygginga starta kan det fort bli «Bordet fangar». Men det er ikkje så ofte me får såanne avvik. Dei aller fleste prosjekt held seg innafor økonomisk ramme.»

Frå dei folkevalde ligger dei ein forventning at prosjektet held seg innafor vedtatt budsjett.

Kommunen har oppretta eigen e-postkonto i administrasjonen, som dei folkevalde kan sende spørsmål og innspel til. Ifølge dei intervju nyttas denne gjerne for oppklaring av dokument i budsjettprosess, men kan og nyttast til å kommunisere innspel.

3.5 STATUS I STØRRE INVESTERINGSPROSJEKT

På spørsmål om kva utfordringar kommunen har med investeringsprosjekt, trekker fleire intervjuobjekt fram etterslep grunna for mange prosjekt på ein gong. Denne utfordringa omtales også i kommunedirektørens innleiing til økonomiplan med handlingsprogram 2022-2025:

«Økonomiplanen viser eit høgt investeringsnivå i slutten av perioden. Dette får konsekvensar for driftsbudsjettet. Det er gjort eit stort arbeid for å rydde i etterslep på investeringsprosjekt for å sikre kapasitet til slutten av planperioden.»

Ein av dei intervju fortel at dei jobbar med å redusere volumet for å unngå meir forseinkingar:

«Nå skal vi avslutte mange prosjekter i år og vi vil foreslå null nye prosjekter ettersom vi flere store prosjekter på gang (sykehjem, vassverk, Ryggjåtun, VA-anlegg osv).»

Tabell 3 til Tabell 10 summerer opp status for pågåande og planlagde prosjekt per 1. tertial 2022. Tabellane er laga ut ifrå kommunen sin eigen statusrapport for investeringsprosjekt, men med

nokre endringar, som forkorting av kommentarane. Kommunen sin eigen oversikt inneheld samle løyving fram til 2022, men i våre tabellar har me og tatt med budsjett for 2023-2025.

Tabell 3. Status på investeringsprosjekt per 1. tertial 2022 - Fellesprosjekt

Fellesprosjekt		Kostnadsrammer		Brukt til no		Kommentar
Prosjekt.nr.	Prosjektnamn	Samla løyving t.o.m. 2022	Regulert budsjett 2022	Løyving/rekne- skap t.o.m. 2021	Rekneskap 2022 Pr. 30.04.22	
1.090.01	Universell utforming kyrkjebygg	1 500	532	967	-	Estimat ut året: kr. 200.000
1.090.02	Brannsikring Jelsa kyrkje	3 700	3 121	579	48	Oppstart sommar 2022
1.002.05	IT- samarbeid i Ryfylke	8 945	6 029	2 916	428	Forseinkingar i leveransar av datautstyr
1.012.03	Digital satsing Suldalsskulane	4 646	450	4 196	-	Prosjekt utsatt frå 2021 til 2022
1.001.05	Utsifting PC administrasjonen	4 555	1 420	3 135	-	Under gjennomføring
1.001.06	Utsifting PC/Ipad skulane	800	800	-	-	Blir gjennomført i løpet av året
1.001.09	Flexisystem, fråversrapportering	160	160	-	-	Utsatt frå 2021, truleg ikkje gjennomført i 2022
1.005.03	Digitale møterom	2 000	1 760	240	711	Under gjennomføring
1.005.02	Digitalisering	1 000	1 000	-	-	Prosjekt utsatt frå 2021 til 2022
1.005.04	Digitale verktøy for tilsette	1 000	524	476	-	Under gjennomføring
1.011.01	Nettbrett Omsorg	225	215	10	-	Blir troleg gjennomført i 2022
1.011.03	Velferdsteknologi	1 000	1 000	-	-	Prosjekt utsatt frå 2021 til 2022
1.013.01	Rønningsveg og terrasse, kommunehuset	250	242	8	289	Blir avslutta i 2022

Tabell 4. Status på investeringsprosjekt per 1. tertial 2022 - Oppvekst

Oppvekst		Kostnadsrammer		Brukt til no		Kommentar
Prosjekt.nr.	Prosjektnamn	Samla løyving t.o.m. 2022	Regulert budsjett 2022	Løyving/rekne- skap t.o.m. 2021	Rekneskap 2022 Pr. 30.04.22	
2.030.02	Uteområde Randåsen barnehage	800	800	-	-	Planlagt ferdigstilte 2022

Tabell 5. Status på investeringsprosjekt per 1. tertial 2022 - Kultur

Kultur		Kostnadsrammer		Brukt til no		Kommentar
Prosjekt.nr.	Prosjektnamn	Samla løyving t.o.m. 2022	Regulert budsjett 2022	Løyving/rekneskap t.o.m. 2021	Rekneskap 2022 Pr. 30.04.22	
5.003.01	Suldalshallen, oppgradering	200	0,238	200	-	Utarbeida kostnadskalkyle
5.010.01	Badeanlegg, Sand	165 277	4 568	160 709	51	Reknaskapet blir avslutta i 2022
5.015.02	Kunstgrasbane Kjølvikstølen	1 670	1 670	-	-	Blir gjennomført i løpet av året
5.014.01	Fornying Kulturhuset	6 000	1 373	4 627	102	Under gjennomføring
5.016.01	Musikksmiå, carport/lager	1 200	- 196	1 396	3	Overforbruk grunna m.a. arkeologisk utgraving
5.017.01	Meir ope bibliotek	500	500	-	-	Blir gjennomført i løpet av året
5.010.05	Kjøleanlegg resepsjon Suldal Bad	300	300	-	-	Mål om ferdigistilling før sommaren 2022
4.026.02	Dagsturhytte Bjøldenuten	1 200	877	323	803	Blir avslutta i 2022
4.026.03	Dagsturhytte 2. Kvilehaugen, Jelsa	1 450	1 450	-	803	Blir avslutta i 2022

Tabell 6. Status på investeringsprosjekt per 1. tertial 2022 – Helse og velferd

Helse og velferd		Kostnadsrammer		Brukt til no		Kommentar
Prosjekt.nr.	Prosjektnamn	Samla løyving t.o.m. 2022	Regulert budsjett 2022	Løyving/rekneskap t.o.m. 2021	Rekneskap 2022 Pr. 30.04.22	
3.017.02	Vinjarheim	7 715	-	7 715	-	Satt på vent nokre år
3.017.04	Ny sjukeheim, Sand	13 000	8 528	4 472	3 673	Forprosjekt og anbudskonkurranse i 2022
3.017.06	Ny sjukeheim, dagtilbod	100	100	-	39	To prosjekt grunna husbankentilskot
3.017.07	Ny sjukeheim, tilbygg Helse	400	400	-	134	Sjå kommentar ovenfor

Tabell 7. Status på investeringsprosjekt per 1. tertial 2022 - Næring/bygg/bustad

Næring/bygg/bustad		Kostnadsrammer		Brukt til no		Kommentar
Prosjekt.nr	Prosjektnamn	Samla løyving t.o.m. 2022	Regulert budsjett 2022	Løyving/rekneskap t.o.m. 2021	Rekneskap 2022 Pr. 30.04.22	
4.019.03	Sand sentrum Nord, Bekkjatorget m.v.	14 097	11 997	2 101	169	Forventa byggstart hausten 2022
4.024.02	Næringsområde Tysingvatnet, byggeprosjekt	1 000	569	431	10	Skisseprosjekt med kostnadskalkyle
4.039.01	Bustadfelt Suldalsosen, Brakåsen - Klypetjørn	32 107	11 764	20 343	21	Pågåande, forventa å bruke 5 mill i 2022
4.051.01	Bustadfelt Sandaneset, Jelsa	30 430	29 915	514	137	Forventa byggstart hausten 2022
4.045.04	Reguleringsplan Randåsen – Klypa	600	- 54	654	2	Pågår reguleringsarbeid
4.052.01	Skjerahaug bustadfelt, Erfjord (Stølane aust)	13 518	3 735	9 783	4	Blir avslutta i 2022
4.048.02	Kjøp av husvære/kjøp av tomt	4 500	3 507	993	-	Prosjektet gjeld kjøp av husvære og tomt generelt.

Tabell 8. Status på investeringsprosjekt per 1. tertial 2022 – Vatn og avløp

Vatn og avløp		Kostnadsrammer		Brukt til no		Kommentar
Prosjekt.nr.	Prosjektnamn	Samla løyving t.o.m. 2022	Regulert budsjett 2022	Løyving/rekneskap t.o.m. 2021	Rekneskap 2022 Pr. 30.04.22	
6.035.02	VA-Sand, utbetring Rallebekken	91	-	91	-	Samkjøres med prosjekt 4.019.03
6.049.01	Nytt vassverk Sand	4 000	2 049	1 951	0,47	Div. forberedelser, utbygging i 2022/2023
6.047.01	VA-anlegg Rota, Mosvatnet	19 000	5 272	13 728	177	Saksbeh. forsinkingar. Utbygging startar i 2022
6.036.01	Ny vassforsyning Vatlandsvåg - Kjølvikstølen	7 300	7 126	174	93	Blir lyst ut på anbud i 2022
6.045.10	VA-utbygging Åsliane, Mosvatnet	10 000	7 009	2 991	117	Forventa byggstart august 2022
6.012.03	Oppgradering Suldalsosen vassverk, forprosjekt	300	300	-	-	Gjennomføre skisse og kalkyle i 2022
6.005.01	Driftsovervakingssentral for vassmålarar	200	200	-	-	Utsatt fra 2021, blir gjennomført i 2022

Tabell 9. Status på investeringsprosjekt per 1. tertial 2022 - Vegar

Vegar		Kostnadsrammer		Brukt til no		Kommentar
Prosjekt.nr.	Prosjektnamn	Samla løyving t.o.m. 2022	Regulert budsjett 2022	Løyving/rekneskap t.o.m. 2021	Rekneskap 2022 Pr. 30.04.22	
7.057.01	Gangveg Sand – Garaneset	4 594	1 149	3 445	29	Planlagt utlysning anbud før sommar 2022
7.061.01	Vegkryss Kjølvikstølen	2 000	994	1 006	1	Blir avslutta i 2022
7.044.01	Ombygging gatelys til LED	4 900	4 900	-	-	Estimert å bruke 1,5 mill. i 2022
7.069.01	Stuvastøl bru	3 370	1 633	1 737	-	Blir avslutta i 2022

Tabell 10. Status på investeringsprosjekt per 1. tertial 2022 – Andre tiltak

Andre tiltak:		Kostnadsrammer		Brukt til no		Kommentar
Prosjekt.nr.	Prosjektnamn	Samla løyving t.o.m. 2022	Regulert budsjett 2022	Løyving/rekneskap t.o.m. 2021	Rekneskap 2022 Pr. 30.04.22	
1.999.02	Prosjektbil utbyggingsavdelinga	500	500	-	531	Blir avslutta i 2022
6.056.01	Ny brannstasjon Jelsa	21 900	3 337	18 563	183	Blir avslutta i 2022
6.053.03	Brannstasjon Sand, forprosjekt	200	200	-	-	Oppstarts skisseprosjekt i 2022
6.053.04	Brannstasjon Suldalsosen, forprosjekt	200	200	-	14	Pågande skisse- og for-prosjekt
4.090.01	Miljøtiltak, eksempelvis ladepunkt kommunale bygg	362	362	-	-	Estimert å bruke 0,3 mill. i 2020
6.061.01	Tømmestasjon for bubil, Sand	1 100	117	983	1	Blir avslutta i 2022
6.019.04	Ny sopebil	1 500	1 500	-	-	Kjøp lyst ut på Doffin i 2022
4.026.01	Velkomme til skilt i alle grender	1 460	560	900	-	Estimert å bruke 0,5 mill. i 2022

3.6 SULDAL BAD

Suldal bad ligg i kommunesenteret Sand, og består av blant anna hovudbasseng (25 x 12,5 meter), terapibasseng, barnebasseng, boblebad og badstove. I hovudbassenget er det sklier, klatrevegg og fleire stupebrett.

Bygging av badeanlegget er ein av dei større investeringane kommunen har gjort. Anlegget har vore under planlegging sidan 2012, byggestart var i 2016 og stod ferdig i 2019. Ueinigheiter og tvistar med hovudentreprenør har medført forseinkingar og utsett sluttoppgjer. Alt er no forventa slutført i løpet av året. Figur 4 viser tidslinje for hovudhendingane i planlegging og gjennomføring av prosjektet.

I denne revisjon har me undersøkt om investeringsprosjektet er planlagt, styrt og gjennomført på ein tilfredsstillande måte. Undersøkinga baserer seg på gjennomgang av politiske sakar og intervju med tilsette og leiarar i administrasjon og folkevalde.

Figur 3. Suldal Bad



Kjelde: [Suldal Bad](#)

Figur 4. Tidslinje for planlegging og bygging av Suldal bad



3.6.1 PLANLEGGING

Kommunestyret vedtok desember 2012, i økonomiplan 2013-2016, å førebu utbygging av ny symjehall:

«Suldal kommune ønsker å byggja eit nytt badeanlegg av med nøktern standard innføre ei kostnadsramme på 66 mill. kroner pluss momskompensasjon. Rådmannen får i oppdrag å planleggja prosjektet og leggja fram eit skisseprosjekt i løpet av 2013 med sikte på ferdigstilling av anlegget i 2016. Før handsaming av økonomiplan og budsjett for 2014 skal rådmannen også leggja fram forslag til finansiering og driftsbudsjett» (K-095/12)

I neste økonomiplan (2014-2017) blir det satt av 89 millionar kroner til utbygging av badeanlegg med 25 meters basseng, varmtvassbasseng, barnebasseng, stupetårn, vass-sklier og klatrevegg. Behov for fasilitetar utover basseng grunnast med at det skal bli eit attraktivt anlegg for fastbuande og hytteturistar/turistar. I intervju få me vite at kommunen hadde ein større prosess med behovsvurdering av innhaldet i anlegget. I 2012 reiste representantar frå administrasjon og politiske utval rundt for å sjå andre badeanlegg og revmatikarlaget og idrettslaget kom også med innspel.

Suldal Bad blei behandla som eigen sak i kommunestyret 04.02.2014, kor det blei vedteke bygging av anlegget (K-003/14). Vedtaket listar opp innhaldet som anlegget skal ha, men at klatrevegg, boblebad, badstove og 5 meters stupetårn, realiserast dersom det er rom for det.

Dei intervjuja fortel at kommunen deretter nytta konsulentfirmaet Aslpan Viak til å gjere sjølve prosjekteringa, med forprosjekt og grunnlag for anbodskonkurranse. I anbudet var det hovudentreprise for bygg og fleire mindre entreprisar for tekniske fag. Kostnadskalkylen for prosjektet er 96 millionar med ein usikkerheitsmargin på -10 % og + 20 %, noko som gir ein ramme på 120 millionar kr (K - 130/15).

Før anbodskonkurransen blei avgjort, vedtok kommunestyret 08.12.2015, gjennomføring av usikkerheitsanalyse av Suldal Bad, før kontraktsgjennomføring. Ifølge intervjuja med folkevald var dette ønskeleg ettersom prosjektet var stort, og ein derfor ville sikre seg at kostnadar blei heldt. Usikkerheitsanalysen blei gjennomført av Holte Consult, som råde at det blei gjort ei usikkerheitsavsetjing på 7,5 millionar kr. Ifølge analysen var det 85 prosent sannsyn for at prosjektet held ei ramme på 128 millionar kr.

10.05.2016 var det ei eigen politisk behandling i kommunestyret av Suldal bad etter gjennomført anbodskonkurranse og usikkerhetsanalyse (Kommunestyresak 025/16). I saksframlegget kjem rådman med følgande vurdering:

«Det skal vere forventning om at denne avsetninga på kr. 7,5 mill. ikkje skal kome til å måtte nyttast, men vere ei usikkerhetsavsetjing slik at ein ikkje treng ny politisk handsaming undervegs i prosjektet dersom det blir behov for å bruke av denne avsetninga.[...]Rådmannen

meiner vidare at ein no har eit svært godt grunnlag for å kunne ta endeleg stilling til om prosjektet Suldal Bad skal realiserast eller ikkje. Suldal kommune har ikkje tidlegare hatt ein så grundig økonomisk analyse av eit byggeprosjekt i forkant av oppstart og gjennomføring.»
(K - 025/16)

Det var i kommunestyret 10.05.2015 at Suldal Bad fekk endeleg vedtak for igangsetting. I saka lister rådmann opp fordelar med bygging, mellom anna at det er eit positivt tiltak for innbyggjarar og hyttefolk, styrking av lokal handel og næringsliv og ein meir attraktiv kommune. Det er i saksframlegget vurdert mindre justeringar på anlegget. Men, det er ikkje vist til ulike alternativ, som vurdering av å ikkje bygge Suldal Bad. I kommunestyret blei det frå folkevalde foreslått å heller bygge eit meir nøkternt og billigare symjebasseng til 60 millionar kr. Med knapt fleirtal vedtok kommunestyret å bygge anlegget etter dei føreliggande planane.

I ettertid blei det oppdaga feilprising på 3 millionar kr. på armering i utrekning av entreprisekostnadane. Feilen blei verken oppdaga av Asplan Viak, i prosjekteringa eller Holte Consult si usikkerheitsanalyse, noko rådmann i kommunestyret 13.09.2016, er skuffa over og forklarar:

«Rådmannen meinte i si saksutgreiing i sak 025/16 at den kvalitetssikringa som låg til grunn for berekna prosjektkostnad, aldri tidlegare har vore så god som i dette prosjektet. Dette skulle diverre seinare vise seg ikkje å stemme heilt.»

Ifølge dei intervjuar var det ikkje ønskeleg å nytta usikkerheitspotten til auka av kostnadar grunna feilprising, allereie før byggestart. Auka blei tatt i eigen sak i kommunestyret (K-sak 049/16). Her blei det lagt inn 2 millionar auke i spelemidlar, og ei auka ramme til 130 millionar kr. I same vedtak skal prosjektet vurdere innsparing, ved å bygge sklieanlegg i plast i staden for rustfritt stål, og å spare inn på utomhusanlegg.

3.6.2 GJENNOMFØRING

Etter anbodskonkurransen og politisk behandling, teikna kommunen kontrakt med hovudentreprenør GL prosjektservice, dei mindre entreprenørane for tekniske fag, samt Prosjektil AS for prosjekt og byggeleiing. I anbod frå GL prosjektservice, var samordningsansvaret prisa til om lag 850.000 kr. I kontraktsforhandlingane valde kommunen å ta dette ut, for å redusere kostnadar. I prosjektet var det derfor kommunen som byggherre, som hadde samordningsansvar, som betyr å samordne at alle kontraktar og fag går i takt.

Hausten 2016 byrjar bygginga av Suldal Bad, og ifølge ein av dei intervjuar er det ein positiv kjensle på at «dette kom til å gå bra». Det er byggemøte kvar anna veke med kommunen som byggherre og samordningsansvarleg, hovudentreprenør GL prosjektservice og Prosjektil som prosjekt- og byggeleiar. Ettersom Prosjektil held kontor på Forus, nokre timars køyretid vekke, er dei ifølge dei intervjuar berre fysisk til stade på byggeplassen ein gong i veka.

I prosjektet blir det vurdert innsparing på fleire område. Internt i administrasjonen blir materiale på sklieanlegg, boblebad og stupetårn vurdert. Konklusjon på materialbruk var at kvalitet på sklie av rustfritt stål var betre og verdt ekstra konstad. Boblebad blei ikkje vurdert som hensiktsmessig å ta vekk, ettersom det allereie var støypa plass til det. Stupetårnet blir vurdert tatt vekk, men tilskot frå spelemidlar gjorde dette lite hensiktsmessig. Utomhusanlegget blei også vurdert i eigen sak i LMT-utvalet (sak 013/17). I saka blei utvalet presentert for ulike alternativ med kostnader, og rådmann sin vurdering av konsekvens for ulike alternativ.

Undervegs i byggefasen oppstår utfordringar som får økonomiske konsekvensar. Utifrå omtale i økonomiplan 2019-2022 og intervjuar er utfordringa knytt til:

- Mangelfull prosjektering som ga fleire endringar undervegs. Til dømes var det elektroarbeid som måtte leggst om og endringar på vegger.
- Problem med hovudentreprenør, som i økonomiplan skildrast som «[...] oppleving av ein svært ressurskrevjande hovudentreprenør har ført til at byggeprosjektet har blitt langt dyrare enn antatt.». Ifølge ein av dei intervjua spekulerte hovudentreprenør i endringar heile tida.
- Dårleg kvalitet på flisearbeid. Fuginga blei ikkje utført på rett måte og det blei nytta ufaglært arbeidskraft i flisarbeidet. Problem med flisarbeidet førte til at prosjektet blei utsett med eit heilt år.

Ifølge dei intervjua frå kommunen var det i byggefasen mange stopp og avklaringar, noko som var krevjande å løyse, ettersom prosjektleinga ikkje fysisk var tett på. Det blei undervegs høgt konfliktnivå med hovudentreprenør, noko ein av dei intervjua omtaler med: «*Kjemien mellom hovedentreprenør og prosjektleidelse var ikke til stede. De var nesten ikke på talefot.*» Endringar og ekstraarbeid fører til at den økonomiske ramme i økonomiplan 2019-2022 blir auka frå 130 til 146 millionar kroner (kommunestyret sak 069/18).

Suldal Bad opnar i desember 2019, over eit år forsinka. I økonomiplan 2020-2023 er det stor usikkerheit knytt til sluttoppgjer med hovudentreprenør. Prosjektleiaren antyder at kostnad i verste fall ender på kring 155 millionar kroner (kommunestyresak 168/19).

Ueinighetane kring sluttoppgjer fører til at hovudentreprenør stemnar kommunen for 26,3 millionar kroner. Kommunen svarar med å avvise kravet, og kjem med motkrav på 7,7 millionar kroner. I kommunestyresak 096/20 får formannskapet fullmakt til å godta eventuelt forlik i saken. I januar 2021 er det rettsmekling mellom partane, som endar med forlik kor kommunen må betale hovudentreprenør 11,5 millionar kroner (sjå formannskap sak 022/21 den 29.01.2021).

I gjennomføringsfasen blei det laga avtale om etterkontroll av fliselegging, utført av tredjepart. Etterkontrollen blir gjort av Sintef, og starta i august 2022. Per september 2022 er kontrollen ikkje ferdig, og konklusjon rundt eventuelle utbetringar er ikkje klart. Endeleg sluttrapport, som og skal inkludere læringspunkt, skal leggst fram for folkevalde, etter ferdig etterkontroll. I intervju blir det antydta at prosjektet vil ende på kring 160 millionar kr, kor ekstra kostnader har gått både til entreprenørarbeid og ekstraarbeid på prosjektering.

I juni 2022 varslar kulturdepartementet at dei ikkje vil betale ut 3,4 millionar kroner i spelemidlar til kommunen, grunna plasseringa av ei kort sklie. Sklia ligg for nær stupebrett, og er dermed ein sikkerheitsrisiko. Kommunen blir bedt om å fjerne sklia, eller endre plassering.

3.6.3 LÆRINGSPUNKTAR

Kommunen sitt eigne notat med læringspunkt er ikkje ferdigstilla. Men me har spurt tilsette og leiarar i administrasjon, samt folkevalde, om kva kommunen har lært av prosjektet. Den generelle oppfatninga frå dei intervjua er at aktørane er samstemde i kor ting gjekk gale, og korleis ein kan unngå forseinkingar og konstansoverskridingar i framtidige prosjekt. Oppsummert, fortel dei intervjua om følgjande læringspunkt:

- **Samordningsansvar og entreprisereform:** Samordningsansvaret bør ligge hos entreprenør. Samkøyring av mange entreprisar er utfordrande, og i større prosjekt bør ein ha generalentreprisar eller linkande.
- **Anbodsgrunnlag:** Høgare krav til kompetanse og referansar i anbodsgrunnlaget, som og gjeld for bruk av underleverandør. På den måten ville ein kanskje unngått dårleg flisarbeid grunna bruk av ufaglærde. I dette tilfellet var kommunen styrt til å velje entreprenør med lågast konstad.
- **Prosjekt- og byggeleiing på byggeplassen:** For å få til god kommunikasjon og raske avklaringar er det viktig at prosjekt- og byggeleiing er fysisk til stade på byggeplass. Kommunen har som nemnd i ettertid tilsett eigen prosjekt-/byggeleiar, som nyttast til tett oppfølging på byggeplass.
- **Usikkerheitsanalyse:** Bruk av eigen usikkerheitsanalyse var nyttig. Ifølge analysen bør ein legge seg på 15 prosent usikkerheit, delt på usikre utgifter og ein reservepott. Kommunen har nytta slik rekning av risiko i seinare prosjekt.

3.7 VURDERING

Kommunen har ikkje rutinar eller malar for behovsanalyse og vurdering av alternativ til foreslåtte prosjekt, noko me anbefaler kommunen å implementere. Det generelle inntrykket frå intervju med administrasjonen og folkevalde er at det i større prosjekt lagast behovsanalysar, basert på prognosar og faglege behov. Planlegging av investeringar for framtidige omsorgstenester er eit godt døme på korleis kommunen nyttar både intern fagleg kompetanse og ekstern bistand til grundig utgreiing av saka. I den vanlege saksbehandlinga for byggeprosjekt nyttast det ekstern bistand til kostnadskalkyle og økonomisk ramme som inkluderer fast usikkerheitsavsetjing.

Den daglege oppfølginga i byggefasen blir gjort av prosjekt- og byggeleiar, som ser til at arbeidet skjer i samsvar med avtalt kvalitet og pris. Kommunen sine erfaringar med Suldal Bad viser kor viktig det er at prosjektleiinga er fysisk til stade på byggeplassen for å sikre god koordinering og raske avklaringar. Det at kommunen nå har eigen intern stilling som prosjekt- og byggeleiar, vurderer me som eit godt grep for å sikre nødvendig nærvær i prosjekta.

Kommunen har faste rapporteringar frå administrasjon til det politiske nivå gjennom tertial- og årsrapportering, samt faste møtepunkt med politisk leiing. Me vurderer at kommunen har god informasjonsflyt som sikrar dei folkevalde oppdatert status over framdrift og kostnader i investeringsprosjekt.

Kommunen har god økonomi og inntrykket frå intervjuar er at det er stor politisk iver etter å gjennomføre mykje på kort tid. Stort volum på investeringar, samstundes med prosjekt som drar ut i tid, som ved forseinkingar på leveransar, førar til at ein ikkje klarar å bli ferdig med prosjekt etter satt tidsplan.

Kommunen har ikkje hatt rutine for evaluering av prosjekt, men ønsker å gjere dette for dei store prosjekta. Først ut blir evaluering av Suldal Bad, som var gjenstand for store forseinkingar og kostnadsoverskridingar på fleire titals millionar kronar. Me opplever at kommunen har god innsikt i kva som blei gjort feil i prosjektet, og at dei ønsker å forebygge at slikt skjer igjen. Høgare krav til kompetanse i anbodskonkurranse, kontroll av prosjekteringsgrunnlag og unngå kompliserande entrepriseforamar, er nokon av læringspunkta.

3.8 ANBEFALING

Revisjonen anbefaler kommunen å:

- Sikre at læringspunktar frå investeringsprosjektet Suldal Bad blir nytta i framtidige prosjekt.

KONKLUSJON OG ANBEFALINGAR

Formålet med prosjektet var å undersøke om Suldal kommune har eit tilfredsstillande system for styring av investeringsprosjekt, og å bidra med læring for framtidige prosjekt.

Hovudinntrykk

- Kommunen har tilfredsstillande rutinar, som sikrar god kontroll på økonomi og framdrift i investeringsprosjekt, men manglar rutinar for vurdering av behov og ulike alternativ for investeringar
- Høgt investeringsvolum har ført til etterslep på fleire prosjekt.
- Bygging av Suldal Bad ga stor kostnadsauke og forseinkingar. Kommunen bør lære av prosjektet, for å unngå at slikt skjer igjen.

Revisjonen anbefaler kommunen å:

- Lage rutinar for å sikre gjennomføring av behovsanalyse og vurdering alternativ. I vurdering av alternativ bør ein ha ulike konsept, og eit av alternativa bør vere å ikkje gjennomføre investeringa (nullalternativ).
- Sikre at læringspunktar frå investeringsprosjektet Suldal Bad, blir nytta i framtidige prosjekt.

VEDLEGG

Kjelder:

Interne dokumenter

- Kommunen sine årsmeldingar
- Rapporteringar på investeringsprosjekt
- Økonomiplanar med handlingsprogram frå perioden 2015-2018 til 2022-2025
- Retningslinjer for budsjett, rekneskap, rapportering og sakshandsaming av investeringsprosjekt
- Rutine for budsjettprosessen
- Rutine for tertialrapportering
- Rutine for årsmelding
- Reglement for politiske organ og innsynsrett for folkevalde
- Forvaltningsrevisjon av oppfølging av politiske vedtak frå 2018
- Forvaltningsrevisjon av styring av byggeprosjekt frå 2013
- Politisk behandling og dokumentasjon for planlegging og bygginga av Suldal Bad

Munnlege kjelder

- Ordførar
- Leiar Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)
- Kommunedirektør
- Kommunalsjef Økonomi og organisasjon
- Rådgivar økonomi
- Utbyggingssjef
- Prosjekt/byggeleiar

Andre kjelder

- Concept rapport Nr 45: Kommunale investeringsprosjekter - Prosjektmodeller og krav til beslutningsunderlag (oktober 2015)
- Flinke folk på riktig plass og rett tid, Bygg 21, 2019.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.22	25/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll av i neste møte.

Bakgrunn:

Ifølge kommunelova § 23-2 skal kontrollutvalet sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd. Kontrollutvalet bør i dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å bestille, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast i neste møte.

Saksorientering:

Nytt prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll skal tingast med bakgrunn i vedtekne planar.

Nye planar for perioden 2020-2024 blei vedteken av kommunestyret 22.09.20, etter innstilling frå kontrollutvalet.

Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i plan for forvaltningsrevisjon:

~~Miljøtenesta – 2020~~ - rapport ferdig i 2021

~~Kritisk kompetanse – 2021~~ - rapport ferdig i 2021

Førebygging og tidlig innsats – 2021

~~Styring og kontroll med investeringsprosjekt – 2022~~ – rapport ferdig i 2022

Forbetring og effektivisering - 2022

Legetenesta og legevakta - 2023

Integrering av flyktningar – 2023

Følgjande prosjekt er uprioriterte:

Spesialundervisning

Barneverntenesta - brukarmedverknad og samhandling

Beredskap/koronahandtering

Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i plan for eigarskapskontroll:

Ivar IKS

I førre periode (2016 – 2020) blei følgjande prosjekt gjennomført:

Pleie og omsorg (våren 2017)

Forenkling, forbetring og effektivisering (våren 2018)

Oppfølging av politiske vedtak (hausten 2018)

Klima og miljøplan (hausten 2019)

Eigarskapsforvaltning (våren 2019)

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt.

Sekretariatet sine kommentarar

Forvaltningsrevisjon skal være betringsorientert, og ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom det blir avdekka avvik eller peika på moglege betringsområder.

Budsjettert ramme for forvaltningsrevisjon er 400 timer, ut i frå utvalet si innstilling til neste års budsjett. Kommunestyret vil venteleg løyva dette i desembermøtet. Dette vil dekke kostnadane til eit eller to prosjekt ved bruk av revisjonen. Kontrollutvalet må drøfte kva for prosjekt dei ønskjer å velje no.

Sekretariatet vil i etterkant av møtet be revisor komme med framlegg til prosjektplan og leggje fram sak om tinging i neste møte.

Aksdal, 03.11.22

Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.22	26/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2023:

torsdag: 23.02, 20.04, 08.06, 07.09 og 16.11 – kl. 10.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Vedlegg: oversiktskalender 2023

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidligare møtefrekvens (4 - 5 møte pr. år) er det sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2023. Dag og tidspunkt for møta er sett opp som før: torsdagar kl. 10.00. Kontrollutvala sine møte er opne for presse og publikum, og datoane skal gjerast kjent for innbyggjarane på kommunen sine nettsider. Det er difor viktig at møteplanen vert halden når den er vedteken.

Neste år skal det vere kommunestyreval og dato for valdagen er sett til måndag 11. september. Konstituering av nytt kommunestyre og val av styre, råd og utval skal, i følgje kommunelova, skje innan utgangen av oktober månad. Noverande utval vil fungere fram til nytt utval er valt og sekretariatet legg opp til at dette utvalet har sitt siste møte før valet i september.

Saksorientering:

Fyrste møte på nyåret vil utvalet si årsmelding bli sett på sakslista. I neste møte vil kontrollutvalet gje si innstilling til årsrekneskapen. Til hausten vil mellom anna planar og budsjettframlegg bli handsama. Etter forskriftene kan ikkje formannskapet gjere vedtak før rekneskapen har vore handsama i kontrollutvalet, dvs. at innstillingane/uttala skal følgje med. Møtet i juni vert satt opp som tidlegare år, men kan bli avlyst dersom det ikkje er saker å ta opp. Dersom det blir endringar vil det bli gjeve melding om dette så snart dette er kjent. Vidare er det også mogeleg å ha ekstra møter dersom det skulle vere naudsynt.

Aksdal, 03.11.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Kalender 2023

Januar 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 52 1 2 3 4 5 6 7 8 1 2 3 4 5 6 7 8 2 9 10 11 12 13 14 15 3 16 17 18 19 20 21 22 4 23 24 25 26 27 28 29 5 30 31 7 ○ 15 ○ 21 ● 28 ○	Februar 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 5 1 2 3 4 5 6 6 7 8 9 10 11 12 7 13 14 15 16 17 18 19 8 20 21 22 23 24 25 26 9 27 28 5 ○ 13 ○ 20 ● 27 ○	Mars 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 9 1 2 3 4 5 10 6 7 8 9 10 11 12 11 13 14 15 16 17 18 19 12 20 21 22 23 24 25 26 13 27 28 29 30 31 7 ○ 15 ○ 21 ● 29 ○
April 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 13 1 2 14 3 4 5 6 7 8 9 15 10 11 12 13 14 15 16 16 17 18 19 20 21 22 23 17 24 25 26 27 28 29 30 6 ○ 13 ○ 20 ● 27 ○	Mai 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 18 1 2 3 4 5 6 7 19 8 9 10 11 12 13 14 20 15 16 17 18 19 20 21 21 22 23 24 25 26 27 28 22 29 30 31 5 ○ 12 ○ 19 ● 27 ○	Juni 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 22 1 2 3 4 23 5 6 7 8 9 10 11 24 12 13 14 15 16 17 18 25 19 20 21 22 23 24 25 26 26 27 28 29 30 4 ○ 10 ○ 18 ● 26 ○
Juli 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 26 1 2 27 3 4 5 6 7 8 9 28 10 11 12 13 14 15 16 29 17 18 19 20 21 22 23 30 24 25 26 27 28 29 30 31 31 3 ○ 10 ○ 17 ● 26 ○	August 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 31 1 2 3 4 5 6 32 7 8 9 10 11 12 13 33 14 15 16 17 18 19 20 34 21 22 23 24 25 26 27 35 28 29 30 31 1 ○ 8 ○ 16 ● 24 ○ 31 ○	September 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 35 1 2 3 36 4 5 6 7 8 9 10 37 11 12 13 14 15 16 17 38 18 19 20 21 22 23 24 39 25 26 27 28 29 30 7 ○ 15 ● 22 ○ 29 ○
Oktober 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 39 1 40 2 3 4 5 6 7 8 41 9 10 11 12 13 14 15 42 16 17 18 19 20 21 22 43 23 24 25 26 27 28 29 44 30 31 6 ○ 14 ● 22 ○ 28 ○	November 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 44 1 2 3 4 5 45 6 7 8 9 10 11 12 46 13 14 15 16 17 18 19 47 20 21 22 23 24 25 26 48 27 28 29 30 5 ○ 13 ● 20 ○ 27 ○	Desember 2023 Uke Ma Ti On To Fr Lø SØ 48 1 2 3 49 4 5 6 7 8 9 10 50 11 12 13 14 15 16 17 51 18 19 20 21 22 23 24 52 25 26 27 28 29 30 31 5 ○ 13 ● 19 ○ 27 ○
1. jan Nyttårsdag 21. jan Prinsesse Ingrid Alexandra, 19 år 6. feb Samefolkets dag 12. feb Morsdag 14. feb St. Valentines dag 19. feb Fastelavn 21. feb Kong Harald, 86 år 26. mar Sommertid start 2. apr Palmesøndag 6. apr Skjærtorsdag 7. apr Langfredag	9. apr 1. påskedag 10. apr 2. påskedag 1. mai Off. høgtidsdag 8. mai Frigjøringsdag 1945 17. mai Grunnlovsdag 1814 18. mai Kr. Himmelfartsdag 28. mai 1. pinsedag 29. mai 2. pinsedag 7. jun Unionsoppløsning 1905 23. jun Jonsokaften 4. jul Dronning Sonja, 86 år 20. jul Kronprins Haakon, 50 år	29. jul Olsokdagen 19. aug Kronprinsesse Mette-Marit, 50 år 29. okt Sommertid slutt 31. okt Halloween 5. nov Allehelgensdag 12. nov Farsdag 3. des 1. søndag i advent 13. des Luciadagen 25. des 1. juledag 26. des 2. juledag

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.22	27/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.11.22

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 34 – 41 til orientering.

- 34. Statusoversyn pr. november 2022
- 35. KST-vedtak 02.11.22, sak 71/22 – oppfølging av rapport «Kritisk kompetanse» u.vedl.
- 36. KST-vedtak 02.11.22, sak 72/22 – RSK-fondet – tilbakemelding frå revisor u.vedl.
- 37. Innkalling til ekstr.ord. generalforsamling 26.10.22 – Haugaland Kraft AS
- 38. Innkalling til representantskapsmøte 11.11.22 – Haugaland brann og redning IKS
- 39. Innkalling til representantskapsmøte 09.12.22 – Haugaland Vekst IKS, utan vedlegg
- 40. Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse 1. – 2. februar – se www.nkrf.no
- 41. «Fjernmøte må være fastsatt i reglementet» - Bernt svarer, Kommunal Rapport 03.10.22

Saksorientering

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, meldingar, protokollar, rapportar og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 03.11.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Kontrollutvalet - statusoversyn november 2022

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Val av nytt prosjekt	Våren 2023				
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Styring og kontroll med investeringsprosjekt	24.02.22	10.11.22			
Undersøking av RSK-fondet	28.04.22	15.09.22	02.11.22	September 2023	
Kritisk kompetanse	11.02.21	04.11.21	14.12.21	15.09.22/ 02.11.22	
Psykisk helsehjelp	17.09.20	11.02.21	23.03.21	04.11.21/ 14.12.21/ 10.11.22	Munnleg 2.gongs opf. 10.11.22
Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	21.11.19	11.06.20	22.09.20		

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Eigarskapsforvaltning	08.11.18	06.06.19	05.09.19	17.09.20/ 15.12.20	Avslutta
Risiko- og vesentleg-vurderingar	21.11.19	25.05.20	22.09.20		
Klima og energiplan	14.02.19	05.09.19	24.09.19	11.06.20/ 22.09.20	Avslutta
Oppfølging av politiske vedtak	09.11.17	06.09.18	18.09.18	06.06.19/ 05.09.19	Avslutta
Forenkling, forbetring og effektivisering	25.04.17	26.04.18	15.05.18	14.02.19/ 19.03.19	Avslutta

Orienteringar

	Bestilt	Møtedato
Orientering frå rådmannen	25.05.20	11.06.20
Orientering om utvikling, plan og teknisk	25.05.20	17.09.20
Orientering om helse og omsorg	25.05.20	12.11.20
Orientering – kommunekasserer	25.05.20	11.02.21
Orientering - personalsjef	25.05.20	29.04.21
Orientering – oppvekst	25.05.20	14.09.21
Orientering - organisasjon og innbyggarkontakt	25.05.20	04.11.21
Suldal Bad Publikum AS	24.02.22	28.04.22
Rygjatun Eigedom AS	24.02.22	15.09.22
Rysteg AS	24.02.22	10.11.22
Gullingen Utviklings- selskap AS	24.02.22	
Suldal Vekst AS	24.02.22	
Reisemål Ryfylke AS	24.02.22	

Ekstraordinær generalforsamling 2022

Det innkalles herved til ekstraordinær generalforsamling i Haugaland Kraft AS den **26. oktober 2022, kl. 10:00**. Generalforsamlingen avholdes på Teams, se innkalling sendt på mail.

Til behandling foreligger følgende saker (jfr. vedtektenes § 8 og aksjelovens § 5-5):

Dagsorden / saker:

Åpning av generalforsamlingen v/styrets leder

Opprette fortegnelse over fremmøtte aksjeeiere og fullmakter

Sak 10.22 Godkjenning av innkallingen og dagsorden

Sak 11.22 Valg av møteleder

Sak 12.22 Valg av personer til å undertegne protokollen

Sak 13.22 Godkjenning av tilleggsutbytte

Vedlegg: - Halvårsregnskap for Haugaland Kraft konsernet

Haugesund, 28. september 2022

Pablo Barrera
Konsernsjef



Haugaland brann og redning iks

Møteinnkalling

for

representantskapet for Haugaland brann og redning iks

Møtested: Diktervegen

Møtedato: 11.11.2022

Tid: 09⁰⁰-12⁰⁰

Ved forfall skal varamedlem møte. Hvis ikke medlem eller varamedlemmet kan møte skal dette meldes brannsjef.

SAKSLISTE

Sak nr	Tittel	Saksbehandling
22/017	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
22/018	Godkjenning av protokoll – møte 22.04.2022	Vedtak
22/019	Beredskapsanalyse	Vedtak
22/020	Budsjett 2023 med økonomiplan 2023-2026	Vedtak
22/021	Orientering om drifta	Orientering

Sted: Haugesund

Dato: 18.10.2022

Sigmund Lier
representantskapsleder

Dag Botnen
brannsjef

Bernt svarer: Kan forfall til et fysisk møte erstattes med deltakelse på Teams?

For at fjernmøte skal kunne benyttes, må det for det første på forhånd være fastsatt i reglementet at det kan treffes vedtak om å bruke denne møteformen. Videre må organets leder bestemme i innkallingen til det enkelte møte at fjernmøte skal benyttes.

Bernt svarer:

“SPØRSMÅL: I et kommunestyremøte var én av representantene forhindret fra å delta fysisk, men deltok via Teams. Hun var da synlig på en skjerm som bare de på podiet så (kommunedirektør, ordfører og politisk sekretær).

Er dette nå en lovlig måte å gjennomføre et møte på, og om ikke – vil det ha noen betydning for gyldigheten av vedtakene som ble gjort. Kan man si at møtet ikke er lovlig satt i et slikt tilfelle?

SVAR: Jeg går ut fra at møtet var innkalt på vanlig måte, og at den aktuelle representanten hadde lovlig forfall. Jeg forstår det slik at hun kunne høre det som skjedde i møtet, delta i debatten og avgi stemme når det ble fattet vedtak. Spørsmålet blir da om kommunestyret var lovlig sammensatt når ett av de medlemmene som deltok i møtet bare var med på en videolenke.

Det klare utgangspunkt er her at møter skal holdes ved fysisk fremmøte av alle medlemmer som ikke har forfall. Det eneste unntaket er møter som holdes som «fjernmøter» etter [kommuneloven § 11–7](#).

Fjernmøte, sies det i loven, «innebærer at deltakerne ikke sitter i samme lokale, men at de via tekniske hjelpemidler likevel kan se, høre og kommunisere med hverandre». Dette vil også kunne brukes der bare ett eller noen få av medlemmene ikke kan være fysisk til stede i møtet, mens de øvrige sitter i samme lokale.

For at fjernmøte skal kunne benyttes, må det imidlertid på forhånd være fastsatt i reglementet for vedkommende organ at det kan treffes vedtak om å bruke denne møteformen. Organets leder kan da bestemme i innkallingen til det enkelte møte at denne møteformen skal benyttes.

Det er ikke opplyst noe om en slik reglementsbestemmelse om adgang til å benytte fjernmøte i kommunestyret, og heller ikke om at det var angitt i innkallingen til møtet at dette skulle benyttes. Det betyr i så fall at det er de ordinære reglene om avvikling av møter i folkevalgte organer som gjelder, og at det ikke var lovlig å la ett medlem delta ved hjelp av videokonferanseredskap.

Dette er ikke en feil som innebærer at møtet som sådant blir ugyldig, men i saker der det har vært votert, må man se bort fra det aktuelle medlemmets stemmegivning. Hvis dette medlemmets stemme har vært avgjørende for utfallet av voteringen, må dermed vedtaket korrigeres.

Hvis dette medlemmets stemme ikke var avgjørende, mener jeg den feilen som her er gjort, ikke får betydning for gyldigheten av vedtakene. Her gjelder det generelle prinsippet som kommer til uttrykk i [forvaltningsloven § 41](#), om at ved feil ved saksbehandlingen er «vedtaket likevel gyldig når det er grunn til å regne med at feilen ikke kan ha virket bestemmende på vedtakets innhold».

Kilde: [Kommunal Rapport 3.10 2022 \(e-avis\)](#)